



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 14

(2004–2005)

---

Om lov om supplerande stønad til  
personar med kort butid i Noreg



## Innhald

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	5	7.2	Justering av fastsett stønad .....	25
			7.3	Reglar for utbetaling og etterbetaling....	26
<b>2</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	6	<b>8</b>	<b>Andre spørsmål.....</b>	28
			8.1	Tilbakekrevjing av feilutbetalte ytingar .	28
			8.2	Finansiering .....	28
			8.3	Handsaminga av saker.....	28
<b>3</b>	<b>Avgrensing av personkrinsen og opphald i utlandet .....</b>	9	<b>9</b>	<b>Ordningar i andre land .....</b>	29
3.1	Spørsmålet om ei aldersgrense .....	9	9.1	Äldreförsörjingsstöd (AFS), Sverige.....	29
3.2	Bustad i Noreg.....	10	9.2	Ordningar i andre EØS-land .....	29
3.3	Forsørgde familiemedlemer i oppstigande linje.....	10			
3.4	Opphald i institusjon .....	11			
3.5	Opphald i utlandet.....	12			
<b>4</b>	<b>Stønadsnivået i ei supplerande ordning .....</b>	14	<b>10</b>	<b>Nærare om personkrinsen.....</b>	30
4.1	Høyringsnotatet.....	14	10.1	Samansetning.....	30
4.2	Høyringsinstansane.....	14	10.2	Mottak av sosialhjelp .....	30
4.3	Vurdering .....	15	10.3	Faktorar som reduserer uttaket av sosialhjelp.....	31
<b>5</b>	<b>Gjennomføringa av behovsprøvinga .</b>	19	<b>11</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar .....</b>	33
5.1	Innleiing.....	19	11.1	Utvidinga av EØS-området og ei supplerande stønadsordning.....	33
5.2	Høyringsnotatet.....	19	11.2	Utgiftene til supplerande stønad .....	33
5.3	Høyringsinstansane.....	19	11.3	Reduserte utgifter til sosialhjelp.....	34
5.4	Vurdering .....	19	11.4	Administrative konsekvensar.....	34
5.5	Forslag.....	20	11.5	Dekning av utgiftene til utbetalingar og administrasjon.....	34
<b>6</b>	<b>Kontroll .....</b>	22	<b>12</b>	<b>Iverksetjing.....</b>	36
6.1	Høyringsnotatet.....	22			
6.2	Høyringsinstansane.....	22			
6.3	Vurdering .....	23			
<b>7</b>	<b>Låge stønadsbeløp, justering og utbetaling av ytingar mv.....</b>	25	<b>13</b>	<b>Merknader til dei einskilde paragrafane .....</b>	37
7.1	Låge stønadsbeløp.....	25			
				<b>Forslag til lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg .....</b>	<b>42</b>





DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 14

## (2004–2005)

### Om lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 5. november 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

## 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen her legg Arbeids- og sosialdepartementet fram forslag til ei ny lov om supplerande stønad for personar med kort butid i Noreg og tilsvarende redusert rett til ytingar frå folketrygda. Dersom dei manglande ytingane frå folketrygda ikkje vert kompenserte av ytingar frå utlandet, vert desse personane i regelen varige mottakarar av økonomisk sosialhjelp når dei når pensjonsalderen. Formålet med den nye lova er å garantere ei minste samla inntekt for denne gruppa.

Supplerande stønad skal etter forslaget gå til personar som har fylt 67 år og som er busette i Noreg. Som busette i Noreg reknast berre personar som har opphaldsløyve som gir grunnlag for løyve til permanent busetjing. Stønadstakaren må opphalde seg i Noreg minst 9 månader av året, og kan ikkje få stønad under opphald i utlandet som varar lengre tid enn samanhengande tre månader.

Supplerande stønad vert gitt for ein periode på 12 månader om gongen, og søkjaren må møte personleg på trygdekontoret i samband med søknad om ytingar eller forlenging av ytingar.

Retten til ytingar etter den nye lova vert basert på ei streng behovsprøving av ytingane. I praksis vil

det i alt vesentleg dreie seg om prøving mot inntekta til stønadstakaren og ein eventuell ektemake eller sambuar, men lovutkastet opnar for å ta omsyn til formue i særlege tilfelle.

Etter forslaget i lova skal garantnivået svare til minstepensjonen i folketrygda i den tilsvarende situasjonen med omsyn til sivil status og forsørging av ektemake eller barn, men lova inneber visse tilpassingar i høve til reglane i folketrygda.

Stønad etter lova vert gitt når garantnivået er høgare enn inntektene som skal inngå ved prøvinga, og skal då utgjere differansen mellom garantnivået og inntektene. Dersom stønadsbeløpet vert lågare enn 176 kroner i månaden, vert stønad ikkje gitt.

Stønadsutgiftene til den nye ordninga er førebels rekna til 150 millionar kroner i 2006, med ei motsvarande innsparing i utgiftene til økonomisk sosialhjelp på 135 millionar kroner. Utgiftene og innsparingane vert rekna på nytt i samband med budsjettframlegget for 2006.

Den nye lova om supplerande stønad skal høyre under trygdeataten.

## 2 Bakgrunn

Minstekravet for å få alderspensjon frå folketrygda er ei butid i Noreg på 3 år mellom fylte 16 og 67 år. For å få full pensjon, må ein ha ei butid på minst 40 år. Med kortare butid vert pensjonen tilsvarende redusert. Dei som kjem hit etter at dei har fylt 67 år, kan ikkje få alderspensjon. På den andre sida kan personar med tilleggspensjon få ytingar på nivå med eller høgare enn minstepensjon, sjølv om tida i Noreg er kortare enn 40 år.

Personar som vert rekna som flyktningar eller statslause etter FN-konvensjonane får full minstepensjon sjølv om dei ikkje fyller butidsvilkåra. Flyktningane får full pensjon utan omsyn til butid berre så lenge dei er busette i Noreg. Dersom dei flyttar til utlandet, vert pensjonen rekna om.

Personar som ikkje har status som flyktningar, og som har lang butid i utlandet i vaksen alder, kan ikkje få full alderspensjon. Dette gjeld personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og arbeidsinnvandrarar, så vel som nordmenn med lang tid utanfor Noreg. Når personar i desse gruppene vert pensjonistar, vil mange av dei få økonomisk sosialhjelp som supplement til folketrygda. Det vil óg vere ei mindre gruppe som har sosialhjelp som den einaste inntekta (dei som var om lag 67 år då dei kom til Noreg).

Personar frå EØS-landa og frå andre land som vi har trygdeavtale med, er sikra ytingar frå Noreg og frå heimlandet etter reglane i avtalane om trygdekoordinering. I utgangspunktet treng dei ikkje sosialhjelp, men det kan vere einskilde unntak. For eksempel gjeld dette personar som ikkje har vore yrkesaktive og som kjem frå land der trygdeordninga byggjer på yrkesaktivitet.

Dei fleste tilfella med sosialhjelp vil vere innvandrarar frå land i den tredje verda med lite utbygde sikringssystem. Problemet er synleg alt i dag, sjølv om førstegenerasjonsinnvandrarane har ein låg gjennomsnittsalder. Venteleg vil det vere om lag dobbelt så mange som treng sosialhjelp som supplement til trygdeytingar i år 2020.

Behovet for sosialhjelp som pensjonist er eit individuelt behov. Det einaste fellestrekket vil vere at dei har meir enn 11 år i utlandet i yrkesaktiv alder, slik at dei ikkje kan få 40 år i Noreg og oppnå full alderspensjon i folketrygda. Slik sett, er sosialhjelpa tilpassa behovet, både ut frå vilkåra for å få hjelp og ut frå reglane for utmåling.

Økonomisk sosialhjelp er likevel meint som ei mellombels og unntaksvis yting. Når sosialhjelpa må supplere pensjonar frå folketrygda, er dette av langvarig karakter. Mange vil oppleve det som vanskeleg personleg å vere sosialklient over lengre tid. Kommunane får på si side auka utgifter over sosialhjelpsbudsjettet, og vert varsame med å ta imot personar i denne gruppa, som ofte blir verande urimeleg lenge i asylmottak i påvente av busetjing i ein kommune.

I St. meld. nr. 50 for 1998–99 (Utjammingsmeldinga) vart det i punkt 9.6 lagt fram ei skisse til ei ny stønadsordning for dei som får liten eller ingen pensjon frå folketrygda på grunn av kort butid i yrkesaktiv alder. Ytingane skulle vere behovsprøvde og sikre ei samla inntekt på nivå med minstepensjon. Trygdeetaten skulle administrere den nye ordninga.

I Innst. S. nr. 222 for 1999–2000 gikk eit fleirtal i sosialkomiteen inn for å etablere ei slik ordning. Framstegspartiet gikk mot forslaget. Det same gjorde medlema frå Høgre, i det vesentlege av di ein kunne sjå ei slik ordning som uheldig og diskriminerande i høve til personar som faktisk fyller krava om butid. Ein ville difor vurdere alternative løysingar.

Seinare har spørsmålet vore oppe i Stortinget i samband med handsaminga av St.meld. nr. 6 for 2002–2003 (Fattigdomsmeldinga). Stortinget bad Regjeringa leggje fram eit forslag til ei supplerande stønadsordning i løpet av 2003 (Innst. S. nr. 184 for 2002–2003).

I Budsjetttinnst. S. nr. 5 for 2003–2004 punkt 4.2.3.1 tok kommunalkomiteen opp saka:

«Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet, viser til at Stortinget i samband med handsaminga av Utjammingsmeldinga ga grønt lys for ei supplerande stønadsordning for personar med for kort butid i Noreg til fullt ut å få del i rettane i folketrygda. Fleirtalet viser til at fleire kommunar som følgje av fleire innvandrarar i pensjonsalder har auka utgifter til sosialhjelp. Fleirtalet viser vidare til at fleire kommunar vegrar seg for å busetje flyktningar fordi ei slik stønadsordning ikkje er på plass. Fleirtalet har merka seg at Regjeringa fleire gonger har stadfesta at det vert

arbeidd med ei ordning. Fleirtalet meiner det hastar med å få ei ordning på plass og fleirtalet ser fram til at ei sak om dette blir lagt fram for Stortinget.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til B.innst.S.nr.11 (2003–2004) der desse partia fremjar forslag om ei slik sak innan 1. april 2004.»

Ved handsaminga av Storbymeldinga (St.meld. nr. 31 for 2002–2003) bad kommunalkomiteen om ei snarleg løysing og viste til merknaden i Budsjettinnst. S. nr. 5 (sjå Innst. S. nr. 117 for 2003–2004 punkt 6.2).

Behandlinga av Utjamningsmeldinga og den seinare behandlinga i Stortinget syner at det er brei semje om å løyse problemet med varig mottak av sosialhjelp. Arbeids- og sosialdepartementet har sett på ulike alternative løysingar, mellom anna ei ordning med refusjon til kommunane for sosialhjelp til einskilde grupper, men meiner at ei ny stønadsordning vil vere den beste løysinga. Dette vil sikre den einskilde rett til ytingar, og sosialkontora vert fritekne for eit ansvar som mange ser det som lite rasjonelt og lite prinsipielt at dei skal ha. Venteleg vil òg ei ny stønadsordning auke viljen i kommunane til å ta mot eldre personar frå asylmottaka.

Arbeids- og sosialdepartementet har sett det som vesentleg at ei ny ordning ikkje vert bygd inn i folketrygda. Folketrygda har som prinsipp at alle med den same butida og oppteninga av pensjonspeng skal ha den same ytinga. Særordninga for flyktningar er det einaste unntaket, og byggjer på ei internasjonalt akseptert og definert gruppe i ein spesiell situasjon. Ei løysing i folketrygda måtte i tilfelle byggje på behovet for supplerande ytingar. Hovudkriteriet måtte bli det same som for økonomisk sosialhjelp, slik at ein kunne unngå å gi ekstra ytingar til personar som slett ikkje treng det (av di dei samla ytingane frå Noreg og utlandet er tilstrekkelege).

Departementet meiner difor at ei betre inntekts-sikring for dei aktuelle gruppene best kan skje gjennom ei ny stønadsordning med desse hovudtrekka:

- Personkrinsen skal vere personar som har fylt 67 år.
- Ytingane skal vere inntektsprøvde og sikre eit minste samla inntektsnivå.
- Garantnivået skal svare til minstepensjonen i folketrygda.
- Stønadstakarane må vere busette i Noreg.
- Trygdeetaten administrerer ordninga.

Eit notat med ei skisse til stønadsordning i tråd med dette vart sendt på høyring ved brev frå Sosial-

departementet 23. april 2004. I høyringsnotatet vart det likevel lagt til grunn at stønadsnivået i ordninga burde vere 90 prosent av minstepensjon i folketrygda. Høyringsfristen vart sett til 31. mai 2004. Den etter måten korte fristen har bakgrunn i at departementet i tråd med det klære ynskjet frå Stortinget har prioritert å få fram eit lovforslag så snart råd er.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande instansar:

- Arbeids- og administrasjonsdepartementet
- Barne- og familiedepartementet
- Finansdepartementet
- Justisdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Utenriksdepartementet
- Rikstrygdeverket
- Utlendingsdirektoratet
- Datatilsynet
- Kommunenes sentralforbund
- Den norske advokatforening
- Norges Juristforbund
- Den norske Dommerforening
- Likestillingsombudet
- Juss-Buss, innvandrergruppa
- Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene
- Senteret mot etnisk diskriminering
- Flyktningerådet
- SOS Rasisme
- Antirasistisk Senter
- Selvhjelp for innvandrere og flyktninger
- MIRA Ressurssenter
- Innvandrernes Landsorganisasjon
- Landsorganisasjonen i Norge
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Norsk Kommuneforbund
- Fagforbundet
- Akademikerne
- Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon
- Faglig forum for kommunalt flyktningearbeid v/Flyktningekontoret på Voss
- Kommunalansattes Fellesorganisasjon
- Bosnia-Hercegovina Forbundet v/Refka Kovac
- Ressurssenter for pakistanske barn
- Tamil Development Network v/K. Sivarajah

Det kom svar frå følgjande av desse instansane:

- Finansdepartementet
- Justisdepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Utenriksdepartementet
- Rikstrygdeverket
- Utlendingsdirektoratet
- Datatilsynet

- Kommunenes sentralforbund
- Likestillingsombudet
- Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene
- Senteret mot etnisk diskriminering
- Flyktningsrådet
- MIRA Ressurssenter
- Fagforbundet
- Landsorganisasjonen i Norge
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Ressurssenter for pakistanske barn

I tillegg har departementet fått synspunkt frå *Arbeidernes Kommunistparti*. *Bosnia-Hercegovina Forbundet* har kome med synspunkt over telefon, som er innarbeidde på dei relevante punkta i framstillinga.

*Næringslivets Hovedorganisasjon* har ikkje merknader til høyringsnotatet. *Fagforbundet* sluttar seg til forslaget om ei ny supplerande stønadsordning utan nærare kommentarar.

Alle høyringssvara støttar prinsippet om ei eiga stønadsordning til dekning av stønadsbehovet for personar som ikkje har fullgode pensjonar korkje frå Noreg eller utlandet. Det er likevel mange forslag til endring eller utviding av ordninga. Synspunkta frå høyringsinstansane er tekne inn på dei ulike punkta i forslaget til ny stønadsordning.

*Landsorganisasjonen i Norge* finn ikkje å kunne vere med i ei høyring «som ikke gir mulighet for en forsvarlig behandling». Med dette vert det sikta til den korte høyringsfristen.

Nokre av høyringsinstansane reiser spørsmålet om forslaget til ny stønadsordning på ulike vis er diskriminerande for innvandrarak. Synspunktet er

at nordmenn blir behandla etter reglane i folketrygda, medan innvandrarakane får dei strengare reglane i den nye stønadsordninga. *Arbeidernes Kommunistparti* tek dette opp mellom anna i høve til stønadsnivået i den nye ordninga, medan *Senter mot etnisk diskriminering* reiser spørsmålet når det gjeld tilgangen til ytingar i utlandet og definisjonen av sambuarskap (senteret reiser spørsmål om forslaga på desse punkta kan stride mot Menneskerettskonvensjonen artikkelane 8 og 14 – retten til eit familieliv og forbodet mot diskriminering). *Kontaktutvalget mellom innvandrarak og myndighetene* gjer gjeldande tilsvarende synspunkt.

Arbeids- og sosialdepartementet konstaterer at det ikkje er nokon som kjem dårlegare ut etter innføringa av ei supplerande stønadsordning. Den supplerande ordninga må vurderast for seg, slik ein óg må gjere med folketrygda. Det kan ikkje vere diskriminering at det gjeld ulike reglar i dei to ordningane, der folketrygda byggjer på oppteningskrav og den andre ordninga byggjer på eit individuelt behov for ytingar. Det er heller ikkje slik at innvandrarak er stengde ute frå folketrygda, tvert om vil det store fleirtalet i Noreg få heile eller mesteparten av den norske ytinga si derifrå. Samanlikna med økonomisk sosialhjelp, vil den nye stønadsordninga innebere viktige føremoner. Ytingane får eit sterkare preg av rettskrav, og stønadstakarane kan i større grad få ytingar i utlandet enn når det gjeld sosialhjelp. Dette inneber til dømes betre sjansar til å utøve retten til eit familieliv etter Menneskerettskonvensjonen artikkel 8. Departementet finn for sitt vedkomande at det ikkje er tilstrekkeleg grunn til å gå nærare inn på spørsmålet om diskriminering.



## 3 Avgrensing av personkrinsen og opphald i utlandet

### 3.1 Spørsmålet om ei aldersgrense

#### 3.1.1 Generelle omsyn

Spørsmålet om avgrensing av personkrinsen er i hovudsak eit spørsmål om ordninga skal gjelde berre dei som har fylt 67 år eller om ein skal ta med personar som har varig redusert arbeidsevne og fyller vilkåra i folketrygdlova kapittel 12 for uførepensjon eller tidsavgrensa uførestønad.

Ei supplerande ordning basert på inntektsprøving og strenge reglar for opphald i utlandet vil generelt vere vanskeleg å administrere. Det er naudsynt med ein stor grad av kontroll. Å ta med uføre gir ein langt vidare personkrins enn ei ordning avgrensa til eldre. I tillegg må ein kontrollere om vilkåret om minst 50 prosent redusert arbeidsevne er oppfylt. Dette reiser ikkje særskilte spørsmål i forhold til ei supplerande stønadsordning, men er eit problem ved alle ytingar som byggjer på denne typen vilkår. Sjansane for misbruk og ulovleg utnytting av ei supplerande ordning ville auke.

Den nye ytinga skal vere inntektsprøvd, og det bør vere opning for å ta omsyn til formue, sjå punkt 5. I relasjon til kontroll med om inntektsopplysningane er korrekte, vil dei uføre vere ei større utfordring enn alderspensjonistane. Dei vil i regelen lettare kunne skaffe seg inntekter ved sida av ytinga, eventuelt inntekter som ikkje vert fanga opp av kontrollsystema. Dette vert understreka av at ein del av dei i utgangspunktet har ei restarbeidsevne.

Det er generelt lagt til grunn at ei supplerande ordning bør vere avgrensa til personar som er busette i Noreg, sjå til dømes drøftinga i Utjammingsmeldinga. Opphaldet i Noreg skal i prinsippet vere kontinuerleg. I tråd med det som gjeld for økonomisk sosialhjelp, bør ytingane ikkje bli gitt under opphald i utlandet av særleg lengde, og i alle høve ikkje så lange opphald som ein kan ha i folketrygda (inntil eitt år). Ordninga vil difor stille nye krav til kontroll på dette feltet. Av dei same grunnane som når det gjeld inntekter, vil dei uføre vere ei større utfordring enn alderspensjonistane på dette punktet óg.

#### 3.1.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet la departementet til grunn at ei supplerande stønadsordning avgrensa til alderspensjonistar vil vere vesentleg enklare å administrere enn ei ordning som i tillegg omfattar uføre. Å ta med dei uføre ville innebere

- fleire personar å kontrollere
- ein generelt meir aktiv og mobil personkrins for ordninga
- eit tilleggsproblem med kontroll av arbeidsevna.

Notatet la til grunn at ei ny supplerande stønadsordning burde ha ei aldersgrense på 67 år.

#### 3.1.3 Høyringsinstansane

Fleire av høyringsinstansane peikar på at det kan vere behov for å utvide ordninga til uføre personar under 67 år. Dette gjeld *Kommunenenes Sentralforbund*, *Utlendingsdirektoratet*, *Ressurssenter for pakistanske barn og Senter mot etnisk diskriminering*. Utlendingsdirektoratet viser til at det er mange i aldersgruppa 55 til 67 år som vil ha sosialhjelp som einaste inntekta. Ressurssenteret foreslår at uføre som har fylt 60 år vert tekne med i ordninga, og det same gjeld yngre psykisk eller fysisk funksjonshemma. I denne samanhengen vert det óg peika på at mange innvandrarak kjem frå land med låg levealder, slik at aldringa kjem tidlegare enn for personar som er oppvaksne i Noreg.

#### 3.1.4 Departementet si vurdering

Arbeids- og sosialdepartementet vil halde fast ved vurderinga i høyringsnotatet om at den nye supplerande stønadsordninga bør ha ei aldersgrense på 67 år. I punkt 3.1.1 vart det peika på dei problema som ein vidare personkrins generelt ville føre med seg, ikkje minst når det gjeld å administrere ordninga. I tillegg kan ein nemne at ei liknande ordning i Sverige har ei tilsvarende aldersgrense (sjå punkt 9.1). I proposisjonen om etablering av ordninga vert det sagt at personar som ikkje har nådd pensjonsalderen framleis er i yrkesaktiv alder, sjølv om den einskilde kan ha behov for ytingar frå ei supple-

rande ordning. Ein rekna det som eit prinsipielt større steg å ta med denne persongruppa i nyordninga enn eldre som er ute av den yrkesaktive fasen (proposisjon 2000/01: 136). – Det same gjeld sjølvsagt i Noreg.

Ved vurderinga har departementet vidare lagt vekt på at utvidinga av EU frå 1. mai 2004 vil kunne føre til eit auka press mot velferdsordningane. Sjølv om dette først og fremst vil rette seg mot dei ordinære ytingane i trygda (sjå punkt 11.1), er utvidinga óg eit problem i relasjon til ei ny supplerande stønadsordning.

*Departementet foreslår etter dette at den supplerande stønadsordninga får ei aldersgrense på 67 år, dvs. den same aldersgrensa som for alderspensjon frå folketrygda.* Det skal likevel ikkje vere noko vilkår at ein stønadstakar har rett til slik pensjon. Dette ville stengje ute dei som kjem til Noreg så seint i livet at dei ikkje vil kunne få ei butid på 3 år før pensjonsalderen, og som difor aldri kan få ein vanleg alderspensjon. Det er denne gruppa som kanskje har mest bruk for ei supplerande ordning.

Ein viser til § 3 første leddet i lovforslaget.

## 3.2 Bustad i Noreg

### 3.2.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at det bør vere eit grunnvilkår for supplerande stønad at stønadstakarane er busette i Noreg. Ein person skulle bli rekna som busett dersom vedkomande har løyve til å opphalde seg her etter utlendingslova og er registrert i folkeregisteret. Det vart signalisert at ein ville sjå nærare på korleis ein kan etablere reglar i den nye lova som gjer det mogleg å avgrense ordninga til personar som er i Noreg på varig basis.

### 3.2.2 Høyringsinstansane

Berre få av høyringsinstansane har konkrete innspel til dette spørsmålet:

*Rikstrygdeverket* er samd i at ein freistar å gi ein definisjon av «busett» som avgrensar dei potensielle stønadstakarane mot personar som er i Noreg i kortare tid, og reiser spørsmål om å etablere ei karenstid på eitt år før ein kan få supplerande stønad.

*Utlendingsdirektoratet* reiser spørsmålet om å definere busett i Noreg på same måten som i folketrygda, dvs. at ein person må ha til intensjon å opphalde seg i Noreg i minst eitt år og ha løyve til dette.

I høyringsrunden vart det óg peika på at utlendingslova har eit skile mellom opphaldsløyve som

medfører «opptening» av rett til å busetje seg i Noreg og opphaldsløyve som ikkje gjer det.

### 3.2.3 Vurdering og forslag

Arbeids- og sosialdepartementet finn at skilet i utlendingslova mellom opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing i Noreg og løyve som ikkje gjer det, vil medføre ei løysing i tråd med det avgrensningsbehovet som vart signalisert i høyringsnotatet. Ein oppfattar det slik at personar med opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing vil få varig løyve til busetjing etter tre år, og det er nett denne gruppa som den supplerande stønadsordninga er mynta på.

Ei karenstid som foreslått av Rikstrygdeverket ville kunne løyse noko av problemet, men har den ulempa at ordninga då får eit visst element av oppreningskrav. Dette kan vere eit problem i høve til spørsmålet om unntak frå eksportkravet etter EØS-reglane (sjå punkt 12). Det er vidare behov for ei strammare løysing enn i folketrygda, slik at forslaget frå Utlendingsdirektoratet ikkje fullt ut vil vere tilstrekkeleg.

*Departementet foreslår etter dette at «busett i Noreg» skal innebere å vere registrert i folkeregisteret og ha opphaldsløyve etter utlendingslova som gir grunnlag for busetjing i Noreg.*

Ein viser til § 3 første leddet i lovforslaget.

## 3.3 Forsørgde familiemedlemer i oppstigande linje

### 3.3.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det vist til at ein person i visse høve får kome til Noreg i kraft av å vere forsørgt av ein familiemedlem som oppheld seg her. Dette kan vere familiesameining etter reglane i utlendingslova eller etter reglane i EØS-avtalen om fri rørsle av arbeidskraft.

Reglane om familiesameining i utlendingslova § 9 omfattar normalt ikkje familiesameining med foreldre, med mindre det finst barn under 18 år som har fått opphaldsløyve her (sjå definisjonen av dei næraste familiemedlemene i utlendingsforskrifta § 23). I unntakstilfelle kan opphalds- eller arbeidsløyve bli gitt etter utlendingslova § 8 andre leddet, mellom anna til mor eller far over 60 år utan nære slektningar i heimlandet. Det er eit vilkår at underhald er sikra, og at personen i Noreg har god nok bustad (sjå utlendingsforskrifta § 24).

Etter rådsforordning 1612/68 kan ein arbeidstakar som tek arbeid i eit anna medlemsland ta med

seg ektemake og barn under 21 år. Det same gjeld ektemakane sine slektningar i oppstigande linje når dei vert forsørgde av arbeidstakaren, og arbeidstakaren disponerer bustad i tråd med vanleg standard i arbeidslandet.

Etter forslaget i høyringsnotatet skulle personar med opphaldsløyve som forsørgde familiemedlemmer i oppstigande linje til vanleg ikkje få rett til supplerande stønad, men det var opna for å gi tilgang til supplerande stønad når den eller dei personane som skulle stå for forsørginga fell frå eller mistar evna til å syte for underhaldet.

### 3.3.2 Høyringsinstansane

Dette spørsmålet vert særskilt kommentert av tre av høyringsinstansane:

*Rikstrygdeverket* støttar forslaget i høyringsnotatet om å stengje ute forsørgde familiemedlemmer i oppstigande linje frå supplerande stønad.

*MiRA-senteret* meiner at alle som er busette i Noreg, inkludert personar med opphaldsløyve som forsørgt familiemedlem i oppstigande linje, bør kunne få supplerande stønad.

*Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene (KIM)* opplever forslaget i høyringsnotatet som problematisk. Det vert særleg vist til tilfella der omsorgsevna hos forsørgjaren endrar seg etter familiesameininga. KIM meiner difor at det bør vere ei opning for å gi ytingar i slike tilfelle.

### 3.3.3 Vurdering

Av utlendingslova og EØS-avtalen følger at far eller mor til ein person som er i Noreg berre får kome hit dersom dei kan bli forsørgde av personen som er her. Reglane tek sikte på å unngå at desse familiemedlemene i oppstigande linje vert ei belastning for velferdsordningane.

I høyringsnotatet la departementet til grunn at forsørgde familiemedlemmer i oppstigande linje til vanleg ikkje bør få rett til supplerande stønad. Samstundes vart det peika på at tilhøva i saka kan endre seg slik at det vil vere rimeleg å gi supplerande stønad, til dømes når forsørgjaren døyr. Dette vert mellom anna framheva av *KIM*.

Departementet meiner det er vesentleg i desse sakene at underhaldskravet i utlendingslova er ein realitet i det minste i den første tida i Noreg. Det ville vere uheldig dersom ein kunne ta far eller mor til Noreg og utan vidare overføre ansvaret for underhaldet til det offentlege. Det bør såleis ikkje vere mogleg å fylle underhaldskravet ved å vise til den supplerande stønadsordninga. På den andre sida er det klårt at det vil liggje djupe og aktverdige kjens-

ler til grunn for eit ynskje om å få far eller mor til Noreg, sjølv om eigen økonomi ikkje er særskilt god.

Det vil liggje nærare å gi supplerande stønad når familiemedlemer i oppstigande linje har vore i Noreg i lengre tid. Ikkje minst gjeld dette når personen har fått løyve til å busetje seg i Noreg fast. Departementet har kome til at desse tilfella bør få ein noko enklare tilgang til den supplerande stønadsordninga enn forslaget i høyringsnotatet la opp til. Óg i denne samanhengen vil ein kunne bygge på ordninga i utlendingslova med opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing i Noreg etter tre år. *Departementet foreslår difor at forsørgde familiemedlemmer i oppstigande linje skal kunne få supplerande stønad når dei har fått løyve til å busetje seg fast i Noreg.*

Ein viser til § 3 andre leddet i lovforslaget.

## 3.4 Opphald i institusjon

### 3.4.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det peika på at ein person som vert lagt inn på institusjon, vil få underhaldet sitt av institusjonen så lenge opphaldet varar. Slik sett er det ikkje lenger behov for ytinga. I samsvar med det vart det foreslått at retten til supplerande stønad skal falle bort dersom opphaldet i institusjonen vert langvarig, definert som eit opphald som varar lengre enn 3 månader etter den månaden då stønadstakaren kom til institusjonen.

### 3.4.2 Høyringsinstansane

Få av høyringsinstansane kommenterer dette spørsmålet:

*Rikstrygdeverket* er samd i at ytingar ikkje vert gitt under opphald i institusjon, men meiner at ytingane bør falle bort frå og med den andre kalendermånaden etter månaden då vedkomande vart lagt inn i institusjonen, dvs. frå same tid som reduksjonane i ytingar frå folketrygda etter folketrygdlova § 3–27.

*Ressursenter for pakistanske barn* meiner at supplerande stønad bør bli gitt under opphald i institusjon for å unngå utgifter for kommunane til sosialhjelp i denne fasen.

### 3.4.3 Vurdering

Forslaget i høyringsnotatet om at supplerande stønad skulle falle bort under opphald i institusjon ut-

over 3 månader etter den månaden då personen vart innlagt, bygde på at institusjonen tek over ansvaret for underhaldet under slike langstidsopphald. Kommentaranane frå høyringsinstansane gir ikkje grunn til å endre dette standpunktet, sjølv om sosialhjelp unntaksvis kan bli gitt under slike opphald. Det vil i alle høve ikkje dreie seg om sosialhjelp på nivå med sosialhjelpa utanfor institusjon, og spørsmålet skulle ikkje vere av særleg interesse i høve til kommuneøkonomien. *Kommunenenes Sentralforbund* har ikkje kommentert saka.

*Departementet foreslår etter dette at supplerande stønad ikkje vert gitt under langvarige opphald i institusjon der opphaldet vert dekt av det offentlege.* I tråd med forslaget frå Rikstrygdeverket, foreslår ein at ytingane skal falle bort frå same tid som ytingane frå folketrygda etter folketrygdlova § 3–27, dvs. når opphaldet i instusjonen varar utover ein kalendermånad etter den månaden då vedkomande vart innlagt.

Ein viser til § 12 i lovforslaget og til merknadene til denne paragrafen.

## 3.5 Opphald i utlandet

### 3.5.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at retten til å få ytingar i utlandet måtte vere avgrensa, men det vart samstundes peika på at det i praksis er vanskeleg å administrere reglar om særskilte korte tilletne opphald i utlandet på ein effektiv og rettferdig måte.

Det vart foreslått at ein stønadstakar bør kunne opphalde seg i utlandet i inntil 3 månader utan at det får konsekvensar for stønadsretten. Det skulle heller ikkje vere opning for ei rekkje opphald på 3 månader med kort tid i Noreg mellom dei, slik at stønadstakaren i realiteten er meir i utlandet enn i Noreg. Retten til opphald i utlandet skulle difor vere ein rett til opphald i inntil 3 månader kvart år.

### 3.5.2 Høyringsinstansane

Forslaget til avgrensing av retten til ytingar under opphald i utlandet vart særskilt kommentert av seks av høyringsinstansane:

*Bosnia-Hercegovina Forbundet* sluttar seg til forslaget i høyringsnotatet.

*Flyktningerådet, Ressurscenter for pakistanske barn, Senter mot etnisk diskriminering og MiRA-senteret* meiner at det bør vere større høve til å ta med seg ytingar til utlandet, både supplerande stønad og pensjon frå folketrygda. Senter mot etnisk diskriminering reiser som nemnd i punkt 2 spørsmål om til-

høvet til artiklane 8 og 14 i Menneskerettskonvensjonen (retten til eit familieliv og forbodet mot diskriminering).

*Utlendingsdirektoratet* foreslår at personar som får støtte til permanent tilbakevending til heimlandet skal kunne få supplerande stønad livet ut, men med eit lågare beløp enn i Noreg, eventuelt knytta til levekostnadene i heimlandet. Ei slik støtte meiner Utlendingsdirektoratet bør ha ei aldersgrense på 60 år.

### 3.5.3 Vurdering

Departementet vurderer det slik at ei supplerande stønadsordning bør avgrensast til personar som er busette i Noreg og som normalt oppheld seg her. Ordninga skal vere eit alternativ til økonomisk sosialhjelp for eldre personar som ikkje har trygdeytningar lik minstepensjon.

Dersom ein skal samanlikne med nokon av dei eksistrande ordningane på dette punktet, må det vere med sosialhjelpa, ikkje med folketrygda. Som tidlegare nemnd, vil forslaget om høve til å få ytingar under opphald i utlandet på inntil 3 månader, gi stønadstakarane ytingar utanfor riket i monaleg lengre tid enn dersom dei hadde vore avhengige av sosialhjelpa aleine.

Forslaget om ei ny supplerande stønadsordning rettar seg mot personar som oppheld seg i Noreg. Målet med ytinga er ikkje å motivere til tilbakevending til heimlandet, og forslaget er ikkje på nokon måte tilpassa dette aspektet. Ei særskilt yting for personar som vender tilbake, bør i tilfelle vurderast for seg.

I det vidare arbeidet med saka har departementet kome til at regelen om opphald i utlandet må presiserast i høve til skissa i høyringsnotatet. Ein stønadstakar skal berre kunne opphalde seg i inntil tre månader i utlandet, og med dette må ein forstå *samanhengande* opphald på inntil tre månader. Dersom eit utanlandsopphold tek til i det eine året og sluttar i det andre, er det ikkje meininga å gi ytingar dersom opphaldet varar tre månader på kvar side av årsskiftet.

*Departementet foreslår at retten til supplerande stønad skal falle bort dersom ein person oppheld seg eller har tenkt å opphalde seg i utlandet i meir enn tre månader i samanheng eller i meir enn tre månader i alt i eit kalenderår.*

Vidare foreslår departementet at lova får eksplisitte reglar om når retten til stønad skal falle bort på grunn av for langt opphald i utlandet. Ved eit utanlandsopphald som er meint å vare i meir enn tre månader, bør ytinga bli stoppa frå og med månaden etter den månaden då utanlandsopphaldet tok til. I

andre tilfelle bør ytingane bli stoppa frå og med månaden etter den månaden då utanlandsopphaldet har vara i tre månader eller summen av utanlandsopphalda i eit kalenderår utgjer tre månader. Resultata vil i og for seg svare til resultata etter dei vanlege reglane om verknaden av endringar, sjå lovforslaget § 11 første og andre leddet, men det kan oppstå tvil om korleis ein skal forstå desse reglane nett i denne samanhengen, særleg i situasjonen med utanlandsopphald som er meint å vare i meir enn tre månader. Lova bør vere heilt klår på dette punktet.

Departementet foreslår vidare at lova får ein heimel som gjer det mogleg å gi ytingar i lengre tid

dersom heimreisa til Noreg vert forseinka på grunn av eigen sjukdom. Slik forlenging bør berre bli gitt dersom stønadstakaren legg fram fullgod dokumentasjon. Det vil kunne vere andre tilfelle der det kan framstå som rimeleg å gi ytingar i lengre tid enn lova opnar for, men ein generell heimel for dette vil vere vanskeleg å praktisere. Ein foreslår difor at unntaket nå vert avgrensa til sjukdomstilfella, og at ein i tilfelle supplerer lova med andre konkrete tilfelle dersom røynslene i praksis gir grunnlag for det.

Ein viser til § 4 i lovforslaget og til merknadene til denne paragrafen.

## 4 Stønadsnivået i ei supplerande ordning

### 4.1 Høyringsnotatet

Utmålinga av ytingar frå ei supplerande ordning må skje ut frå eit standardnivå eller garantinivå. Supplerande stønad vert berre gitt dersom summen av dei andre inntektene til stønadstakaren er lågare enn dette garantinivået.

Utgangspunktet ved fastleggjinga av nivået vil naturleg vere minstepensjonane i folketrygda. Dette er det nivået som er fastlagt for personar som har minst 40 år i Noreg i yrkesaktiv alder. Kjenneteiknet på dei som høyrer til i målgruppa for ei supplerande ordning er at dei ikkje fyller dette kravet om butid. Mange vil ikkje ha *noka* butid i yrkesaktiv alder. I forslaget som vart sendt på alminneleg høyring, la ein til grunn at det bør vere ein viss skilnad i stønadsnivå på dei som ikkje fyller butidskrava og dei som faktisk har dei 40 åra her. Ein foreslo difor eit stønadsnivå på *90 prosent av minstepensjon*.

Det vart lagt til grunn at det maksimale stønadsnivået i ordninga bør variere i tråd med det som gjeld for minstepensjonen i folketrygda, likevel slik at supplerande stønad til ein person som forsørgjer ektemake i alle tilfelle vert fastsett ut frå minstepensjonen når forsørgt ektemake er under 60 år. Ein pensjonist som forsørgjer ektemake over 60 år, får etter folketrygdlova eit ekstra særtillegg til sin pensjon. Dette ekstra særtillegget skulle etter forslaget i høyringsnotatet ikkje reknast med ved fastsetjinga av supplerande stønad.

I høyringsnotatet tok ein vidare utgangspunkt i at sambuarskap og registrerte partnarskap i prinsippet bør ha dei same verknadene for supplerande stønad som i folketrygda. Det vart likevel reist spørsmål om reglane kan gjerast noko enklare enn i folketrygda. Til dømes bør det avgjerande i høve til supplerande stønad kunne vere at sambuarane er saman om utgiftene til husvere og liknande. Det kan difor vere aktuelt å ta omsyn til sambuarskap i større grad enn i folketrygda. Høyringsinstansane vart oppmoda til å gi særskilte kommentarar til dette.

### 4.2 Høyringsinstansane

#### 4.2.1 Stønadsnivået

*Kommunenes Sentralforbund* meinte at stønaden burde svare til minstepensjon, av di dette ville gjere det mindre sannsynleg at den einskilde likevel måtte gå på sosialkontoret.

*MiRA-senteret* gir klårt uttrykk for at dei meiner at stønadsnivået er for lågt, og konkluderer med at dei ikkje kan «skjønne annet enn at denne gruppen likevel blir avhengig av sosialhjelp». Senteret ynsker ei yting lik minstepensjonen.

*Arbeidernes Kommunistparti (AKP)* har ei tilsvarende oppfatning som *MiRA-senteret*. Det vert i denne samanhengen vist til ulike SIFO-budsjett, og peika på at stønadssatsane så vidt svarar til levekostnadene i desse budsjetta, eksklusive straum og bukostnader.

*Senter mot etnisk diskriminering* har mykje det same synet som *MiRA-senteret* og *AKP* når det gjeld stønadsnivået, men peikar særleg på at mange innvandrarakter ikkje har hatt sjansen til 40 år med opptening i Noreg.

*Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene* meiner at den særskilte minstesatsen for personar som forsørgjer ektemake over 60 år óg bør gjelde i den supplerande stønadsordninga. Dei ser ingen grunn til å ha andre reglar om dette enn i folketrygda.

*Bosnia-Hercegovina Forbundet* er samd i at stønaden vert sett til 90 prosent av minstepensjonen, men meiner at særreglane for personar som forsørgjer ektemake over 60 år bør gjelde.

Eit fleirtal av høyringsinstansane hadde likevel ikkje innvendingar til forslaget om eit stønadsnivå på 90 prosent av minstepensjonen i folketrygda.

#### 4.2.2 Sambuarskap

*Rikstrygdeverket* er samd i at sambuarar får ein vidare definisjon enn i folketrygda.

*Senter mot etnisk diskriminering* og *Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene* meiner at definisjonen i folketrygda bør leggjast til grunn, og reiser spørsmål om forslaget i høyringsnotatet er diskriminerande (sjå punkt 3).

## 4.3 Vurdering

### 4.3.1 Generelt om stønadsnivået

*Kommunenenes Sentralforbund* og fleire av høyringsinstansane på innvandrarsida meinte at ytinga burde svare til minstepensjon, og peika mellom anna på at eit lågare nivå ville gjere det mindre sannsynleg at stønadstakaren ville kunne greie seg utan økonomisk sosialhjelp.

*Arbeids- og sosialdepartementet har etter ei ny vurdering kome til at stønadsnivået i den nye ordninga i prinsippet bør svare til minstepensjon.* Departementet legg avgjerande vekt på at dette vil auke monaleg potensialet for å avlaste kommunane for økonomisk sosialhjelp til den aktuelle gruppa. Eit stønadsnivå på 100 prosent av minstepensjon vil difor vere tilsvarende meir tenleg i høvet til målet om å lette busetjinga av eldre frå asylmottaka i kommunane, og det vert færre personar i denne gruppa som må gå på sosialkontoret for å få tillegg til den nye ytinga. Om den supplerande stønaden vil vere tilstrekkeleg, er avhengig av ei rekkje faktorar, mellom anna samspelet med andre ordningar, som til dømes bustøtte.

Særreglane for tildeling og utmåling av den supplerande stønaden vil elles i seg sjølv vere tilstrekkeleg til å markere eit klårt skilje mellom dei som fyller butidskrava i folketrygdlova, og dei som kjem inn under den nye ordninga. Ikkje minst gjeld dette i høve til utbetaling i utlandet, der alle som har ei butid på minst 20 år kan ta med seg pensjonen frå folketrygda og busetje seg kor dei vil i verda.

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at ein ved fastlegginga av nivået for supplerande stønad skulle ta utgangspunkt i reglane i folketrygda om minstepensjon i dei ulike situasjonane. Dette fører ikkje til spesielle problem når det gjeld einslege stønadstakarar. Full supplerande stønad vil her utan vidare kunne setjast lik minstepensjonen – 1,7933 G. Derimot er reglane i folketrygda om pensjon til ektemakar kompliserte. Ein har fire hovudvariantar for minstepensjon til ektemakar:

- Pensjonisten forsørgjer ektemake under 60 år. Ytinga utgjer då  $G + 0,7933 G + 0,5 G$ .
- Pensjonisten forsørgjer ektemake over 60 år. Ytinga utgjer då  $G + 0,7933 G + 0,7933 G + 0,5 G$ .
- Pensjonisten har ektemake med inntekt over G, men ikkje arbeidsinntekt over 2 G. Ytinga utgjer då  $G + 0,7933 G$ .
- Pensjonisten har ektemake med pensjon frå folketrygda eller arbeidsinntekt over 2 G. Ytinga utgjer då  $0,85 G + 0,7933 G$ .

Forslaget om heving av satsen for grunnpensjon til ektemakar frå 0,825 til 0,85 G frå 1. mai 2005 er innarbeidd her og i framstillinga seinare i proposisjonen. Om dette forslaget sjå St.prp. nr. 1 for 2004–2005 punkt 2.2.5.

Som nemnd i punkt 4.1, la høyringsnotatet til grunn at ein skulle sjå bort frå alternativet i bokstav b ved fastsetjinga av supplerande stønad, men ta omsyn til dei andre alternativa. Som det vil gå fram av punkt 4.2.1, meiner nokre av høyringsinstansane at nivået i folketrygda for personar som forsørgjer ektemake over 60 år òg bør vere med i den supplerande stønadsordninga. Departementet meiner at den supplerande ordninga bør vere så enkel i utforminga som mogleg, og har lagt stor vekt på dette. Ein finn difor ikkje å kunne følgje opp ynskja om eit høgare nivå i dei aktuelle tilfella.

I det vidare arbeidet med saka har departementet som nemnd lagt vekt på ei enkel utforming av den supplerande ordninga, og har kome til at ordninga bør kunne gjerast endå enklare enn foreslått i høyringsnotatet når det gjeld i kva mon ektemaken og ytingane til ektemaken skal verke inn på retten til stønad.

Tilsvarende meiner departementet at innpassinga av reglane om tillegg for forsørgt barn eller ektemake i den supplerande ordninga bør vurderast nærare både med omsyn til dei konkrete vilkåra for å gi slike tillegg og med omsyn til korleis dei skal gå inn i systemet. Når det gjeld tillegg for forsørgt barn, reiser det seg mellom anna spørsmål om å dele tillegget mellom ektemakane i tilfella då begge ektemakane har fylt 67 år og kan få supplerande stønad.

### 4.3.2 Supplerande stønad til ektemakar

Departementet meiner at den supplerande ordninga bør kunne få ei utforming der storleiken på stønaden til ektemakane berre vert fastsett ut frå om ektemaken er under eller over 67 år. Denne forenklinga vil i stor grad innebere ei lausriving frå reglane i folketrygda.

I og med at den supplerande stønaden er inntektsprøvd, skulle det ikkje vere naudsynt til dømes å leggje vekt på som eit særskilt element i reglane at ektemaken har arbeidsinntekt over 2 G (sjå punkt 4.3.1 om ordninga i folketrygda). Inntekta til ektemaken vil i alle høve påverke den ytinga som stønadstakaren kan få. Det same gjeld om ektemaken har uførepensjon frå folketrygda eller avtalefesta pensjon med tilskot frå staten.

Det er vidare vesentleg at den supplerande stønaden kan garantere ektemakane ei samla inntekt

som gir ei rimeleg yting i den aktuelle situasjonen. Dette reiser særleg spørsmål i høve til situasjonen der berre ein av ektemakane har fylt 67 år. Etter som ein ektemake under 67 år ikkje kan få eigen supplerande stønad, kunne ein få urimelege utslag dersom uførepensjonen til ein slik ektemake skulle verke inn på og redusere ytinga til stønadstakaren på annan måte enn gjennom storleiken på uførepensjonen. Ei ukritisk overføring av reglane i folketrygda til den supplerande stønadsordninga ville ikkje tene til å sikre ektemakane den samla inntekta som dei skulle ha etter målet med ordninga, som etter departementet si vurdering bør vere ei samla inntekt svarende til minstepensjon for einsleg med tillegg for forsørgt ektemake.

Dersom ektemaken under 67 år til dømes hadde ein uførepensjon på 0,3 G i året, ville dette – med ei direkte overføring av reglane i folketrygda – medføre at stønadstakaren berre kunne få supplerande stønad ut frå eit grunnlag på 0,85 G + 0,7933 G. Den samla inntekta for ektemakane måtte vere lågare enn dette dersom stønad skulle kunne bli gitt. Tillegget for forsørgt ektemake på 0,5 G ville stønadstakaren ikkje kunne få med i grunnlaget, av di ektemaken er pensjonist (etter folketrygdlova § 3–24 tredje leddet kan ein ikkje få tillegg for ein ektemake som er pensjonist).

Den samla inntekta for ektemakane ville difor kunne bli låg utan den nemnde forenklinga av reglane, og det ville kunne bli lite samanheng i resultatet. Dersom ektemaken hadde hatt ei *arbeidsinntekt* på 0,3 G, ville grunnlaget for supplerande stønad auke til G + 0,7933 G + 0,5 G. Det forenkla opplegget vil i begge tilfella gi stønadstakaren det høgaste grunnlaget for supplerande stønad.

Departementet har kome til at det ikkje er grunn til å operere med tillegg for forsørgt ektemake som ei særskilt ordning i lova om supplerande stønad. Full supplerande stønad for ein stønadstakar med ektemake under 67 år bør i alle tilfella settast lik full supplerande stønad for einsleg tillagt tillegg for forsørgt ektemake. Dette vil vere ei forenkling og vil sikre at ektemakane si samla inntekt når opp i dette nivået. Full supplerande stønad for ein person med ektemake under 67 år vil då alltid utgjere 2,2933 G.

Dersom tillegget for forsørgt ektemake skulle falle bort når ektemaken under 67 år har inntekt over grunnbeløpet (slik regelen er i folketrygda), vil den samla inntekta til ektemakane kunne bli lågare enn einsleg-pensjon med tillegg for ektemake. Dersom ektemaken under 67 år til dømes har ei inntekt på 1,2 G, medan stønadstakaren har 0,6 G, ville full supplerande stønad med folketrygdreglane vere lik minstepensjon for einsleg (= 1,7933 G). Til-

legget for forsørgt ektemake ville ikkje bli gitt i dette tilfellet, av di ektemaken har inntekt over G. Resultatet er at supplerande stønad heller ikkje ville bli gitt. Den samla inntekta til ektemakane er lik 1,8 G, som er høgare enn full supplerande stønad dersom folketrygdreglane vert lagt til grunn.

Behovet for andre reglar enn i folketrygda gjeld berre tilfelle der ektemaken til stønadstakaren ikkje har fylt 67 år. Dersom begge ektemakane er over 67 år, bør ytingane kunne fastsetjast på den same måten som i folketrygda.

Departementet meiner på bakgrunn av dette at full supplerande stønad bør vere

- a) 1,6433 G for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år
- b) 2,2933 G for stønadstakarar med ektemake under 67 år
- c) 1,7933 G for stønadstakarar som er einslege.

#### 4.3.3 Tillegg for forsørgt barn eller ektefelle

Målet med ei supplerande stønadsordning talar for at tillegg for forsørgde barn eller forsørgt ektemake berre vert gitt dersom ektemakane og barna bur saman med kvarandre i *eitt* hushald. Det er i denne situasjonen at inntekta til stønadstakaren klårast verkar inn på levekåra til ektemaken eller barna, og auka stønad vil vere det næraste tiltaket for å sikre desse personane betre levekår. Departementet meiner difor at auka supplerande stønad berre bør gjelde tilfella der forsørgjaren og den forsørgde bur under same tak.

Det bør til dømes ikkje føre til auka stønad at stønadstakaren har tilskotsplikt for barn etter reglane i barnelova. Det er ikkje målet med supplerande stønad at stønadstakaren skal kunne oppfylle tilskotsplikta. I praksis vil denne avgrensinga ikkje spele særleg rolle. Dersom det er aktuelt å gi supplerande stønad, vil stønadstakaren ha så lita inntekt at det ikkje er aktuelt å påleggje betaling av tilskot (sjå barnelova § 71 og forskriftene til lova).

Reglane i folketrygda bør likevel leggjast til grunn når det gjeld storleiken på tillegg for forsørgt barn eller ektemake (0,4 G for kvart forsørgt barn og 0,5 G for forsørgt ektemake, sjå folketrygdlova §§ 3–24 og 3–25).

Ektemaken eller barna kan ha opphald i utlandet utan at stønadstakaren er med. Dersom slike opphald varar utover det tilletne etter reglane i lovforslaget § 4, bør retten til å få ytingar fastsett med tillegg for forsørgt ektemake eller barn falle bort. Dersom eit barn til dømes skal vere i utlandet i meir enn 3 månader, bør tillegget falle bort i samsvar med reglane i § 4, dvs. frå og med kalendermånaden etter den månaden då opphaldet i utlandet tek til.



Som nemnd i punkt 4.3.2, er det ikkje naudsynt å ha tillegg for forsørgt ektemake som ei eiga ordning i lova om supplerande stønad. Tillegget kan integrerast i stønadsnivået for personar med ektemake under 67 år. Ein treng heller ikkje reglar om at tillegget ikkje vert gitt når ektemaken har inntekt over grunnbeløpet eller har uførepensjon i folketrygda eller avtalefesta pensjon med statstilskot. Inntekta til ektemaken vil gå til frådrag i ytinga til stønadstakaren, og det er ikkje naudsynt å ta omsyn til inntekta på anna vis. Som peika på i punkt 4.3.2, ville reglar tilsvarande ordninga i folketrygda føre til at den supplerande stønadsordninga ikkje ville gi eit konsistent garantinivå for den samla inntekta til ektemakane. – Stønadsnivået med integrert tillegg for ektemake bør berre brukast i tilfella der ektemakane bur saman under eitt tak, sjå ovanfor.

I tråd med reglane i folketrygda bør *barn* ikkje reknast som forsørgde dersom dei har inntekt utover G (sjå folketrygdlova § 3–25 femte leddet). Det skal reknast med alle former for inntekt.

I folketrygda gjeld det relativt kompliserte reglar for kven av ektemakane som skal ha tillegg for forsørgt barn når begge ektemakane har pensjon (sjå folketrygdlova § 3–25). Det vil vere liten grunn til å overføre desse reglane til den supplerande stønadsordninga og bruke dei i tilfella då begge ektemakane er over 67 år. Som følgje av forslaga ovanfor, vil det dreie seg om ektemakar og barn som bur saman i *eitt* hushald. I ei ordning som skal gi ei supplerande inntektssikring, kan ein like gjerne sjå tillegget for barn som ein generell auke for hushaldet.

Rett nok vil det vere slik at det er gitt barnetillegg til pensjon frå folketrygda i einskilde saker, og tillegget i den supplerande stønaden kunne følgje tildelinga der. Ein måtte likevel ha reglar for sakene der stønadstakaren ikkje har rett til pensjon frå folketrygda. *Departementet foreslår at tillegget til supplerande stønad for forsørgt barn når begge ektemakane har fylt 67 år, skal gå til den av ektemakane som har lågast inntekt.*

#### 4.3.4 Sambuarskap

Stønadsnivået i den supplerande ordninga vil bli påverka av at stønadstakaren har ektemake, sjå framstillinga ovanfor. Det er klårt at det same i ei viss mon må gjelde når stønadstakaren har sambuar. Dette må i alle høve gjelde tilfella der eit par vert reknast som eit sambuarpar i høve til reglane om pensjon i folketrygda. Etter folketrygdlova § 1–5 får reglane om ektemakar verknad også for sambuarpar dersom dei har eller har hatt barn saman eller har vore gifte med kvarandre. Etter § 3–2 i den sa-

me lova skal reglane om redusert grunnpensjon for ektemakar også gjelde for sambuarpar når dei har budd saman i 12 av dei siste 18 månadene.

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at det avgjerande burde vere at sambuarane må reknast å dele utgiftene til husvere og liknande. Det er ikkje utan vidare naudsynt å sjå på kor lenge sambuarskapet har vara eller dei andre tilhøva som har vekt i folketrygda. Det kan difor vere aktuelt å ta omsyn til sambuarskap i større grad enn i folketrygda, slik at sambuarskap alltid skal verke inn på stønadsnivået. *Rikstrygdeverket* er samd i denne vurderinga, medan høyringsinstansane på innvandrarsida ynsker ei ordning meir lik folketrygda.

Arbeids- og sosialdepartementet meiner at det i ei ordning som den aktuelle vil vere den beste løysinga at det gjeld dei same reglane for ektemakar og sambuarar. *Dette gjer det naturleg å bruke ein vid definisjon av sambuar, slik at det er nok å slå fast at to personar bur saman.*

#### 4.3.5 Forslag til stønadsnivå – oppsummering

Departementet foreslår at full supplerande stønad skal utgjere

- a) 1,6433 G for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år
- b) 2,2933 G for stønadstakarar med ein ektemake under 67 år
- c) 1,7933 G for stønadstakarar som er einslege.
- d) Stønadsbeløpa i bokstavane a til c skal aukast med 0,4 G for kvart barn under 18 år som stønadstakaren forsørgjer. I saker der begge ektemakane har fylt 67 år, skal denne auken av ytinga gå til den av ektemakane som har lågast inntekt.
- e) Stønadsbeløpet i bokstav b og tillegget for forsørgt barn etter bokstav d gjeld berre dersom respektive ektemaken og barnet bur saman med stønadstakaren i eitt hushald.
- f) Eit barn vert ikkje rekna som forsørgt dersom det har høgare inntekt enn G.
- g) Retten til auka ytingar på grunn av ektemake under 67 år eller barn gjeld berre dersom ektemaken eller barnet ikkje oppheld seg i utlandet i lengre tid enn fastsett i lovforslaget § 4.
- h) Sambuarar og registrerte partnarar skal reknast som ektemakar i denne samanhengen. Som sambuarar reknast alle som lever saman som ektefolk utan å vere gifte med kvarandre.

Departementet viser til § 2 andre leddet og § 5 i lovforslaget og til merknadene til desse paragrafane.

### 4.3.6 Stønadssatsar

Forslaget i punkt 4.3.5 gir følgjande fulle årlege stønadssatsar og beløp (G = kr. 58 778, beløp utan avrundingar på grunn av utbetalingsreglane):

Tabell 4.1 Stønadssatsar

Tilfelle	Stønadssats – andel av G	Stønadssats i kroner
Einsleg .....	1,7933	105 407
Med ektemake under 67 år .....	2,2933	134 796
Stønad til kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år .....	1,6433	96 590
Tillegg for forsørgt ektemake* .....	(0,5)	(29 389)
Tillegg per forsørgt barn .....	0,4	23 511

\* Tillegget for ektemake er integrert i stønadssatsen for ein person med ektemake under 67 år og framgår ikkje på anna vis i lova.

## 5 Gjennomføringa av behovsprøvinga

### 5.1 Innleiing

---

Sett i høve til målgruppa for ei supplerande stønadsordning, er det klart at behovsprøving av denne ytinga i det vesentlege vil innebere inntektsprøving. Ein kan ikkje vente at personar i denne gruppa vil ha særleg formue. Ordninga bør likevel opne for å ta omsyn til dette dersom einskilde likevel skulle ha formue av ein viss storleik.

Hovudpunktet ved utforminga av ein ny stønadsordning vert likevel reglane for inntektsprøving. Behovet for supplerande stønad er som tidlegare nemnd individuelt, og ytingane bør avkortast i samsvar med den samla inntekta hos stønadstakaren. Samstundes er det viktig at arbeidet for trygde-etaten vert minst mogleg.

### 5.2 Høyringsnotatet

---

I høyringsnotatet gikk departementet inn for at ein ved inntektsprøvinga tek omsyn til eit så vidt spekter av inntekter som mogleg – arbeidsinntekt, pensjonsinntekt og kapitalinntekt. Norske og utanlandske inntekter vert behandla likt. Ein burde ta omsyn til inntekta hos ektemaken, sambuaren eller den registrerte partnaren, derimot ikkje inntekta til barn (bortsett frå at inntekta til barnet kan vere så høg at det ikkje vert gitt tillegg til stønaden for forsørging av barnet). Prøvinga skulle skje ved at dei inntektene som inngår, går til frådrag i det garanterte stønadsnivået krone for krone utan noko fribeløp.

Høyringsnotatet opna for å ta omsyn til formue ved vurderinga av om ein skal gi supplerande stønad (men ikkje formue i form av bustad eller anna til dagleg bruk for stønadstakaren). Ein la til grunn at avgjerda inntil vidare burde vere basert på skjønn.

Den konkrete gjennomføringa av inntektsprøvinga vart ikkje pensla ut i høyringsnotatet.

### 5.3 Høyringsinstansane

---

Dei fleste høyringsinstansane har ikkje særskilte merknader til kva slag inntekter som bør gå inn i

prøvinga, men gir ei generell tilslutning til ordninga slik ho vart skissert i høyringsnotatet. Einskilde instansar hadde likevel forslag til endringar:

*Senter mot etnisk diskriminering* meiner at supplerande stønada klart må framstå som ei trygdeyting, ikkje som sosialhjelp. Dette medfører mellom anna at ytinga ikkje bør vere prøvd mot formue.

*Likestillingsombudet* er skeptisk til at inntekta til eventuell ektemake eller sambuar skal gå inn i grunnlaget for inntektsprøving av stønaden. Ombudet meiner at dette inneber at kvinnene i denne persongruppa vil halde fram å vere økonomisk avhengige av mennene, slik situasjonen ofte er i heimlandet.

*Arbeidernes kommunistparti (AKP)* vil ha ein minstepensjon til alle utan behovsprøving, og peikar på at dette vil spare ressursar til kontroll og handsaming av sakene. Det er uheldig å gjere stønaden behovsprøvd. Mellom anna vert det vist til at dei som har tent opp ein liten tenestepensjon og betalt premie, ikkje vil ha noka føremon av dette når tenestepensjonen går til frådrag i den supplerande stønaden.

*MiRA-senteret* deler synspunktet til AKP på dette.

*Utlendingsdirektoratet* reiser spørsmål om å etablere eit fribeløp i høve til den praktiske gjennomføringa av prøving mot formue.

### 5.4 Vurdering

---

#### 5.4.1 Inntektsgrunnlaget ved prøvinga

I samsvar med forslaget i høyringsnotatet, meiner departementet at inntektsprøvinga i utgangspunktet bør omfatte alle former for inntekt som personen har – pensjonsinntekter (offentlege eller private), arbeidsinntekt og kapitalinntekter. Norske og utanlandske inntekter vert behandla på same måten.

Kapitalinntekter er i utgangspunktet vanskelege å ta omsyn til reint administrativt, av di dei kan variere mykje frå periode til periode. Dei må likevel vere med dersom prøvinga skal gi eit rimeleg resultat. Til dømes kan ein tenkje seg at ein person i utlandet har hatt valet mellom å vere med i ei pen-

sjonsordning og å sikre seg privat, eventuelt gjennom vanleg sparing. Dette valet bør ikkje vere avgjerande for om ein skal kunne få supplerande yttingar.

I ei ordning av den aktuelle typen må ein etter departementet sitt syn ta med inntekta til ektemake, sambuar eller registrert partner. «Sambuar» vil omfatte alle tilfelle der to personar lever saman som ektefolk, sjå punkt 4.3.4. Dersom det er aktuelt med tillegg for forsørgde barn, får ein spørsmålet om den eventuelle inntekta til barnet skal inngå. Barne tillegg vert berre gitt dersom barnet ikkje har ei høgare inntekt enn eitt grunnbeløp, sjå punkt 4.3.3. Ut frå dette, og ut frå at det generelt er viktig å sikre levekåra for barna, meiner departementet at ein bør kunne sjå bort frå barnet si inntekt ved prøvinga.

#### 5.4.2 Gjennomføringa av prøvinga

Departementet foreslår at inntekter som inngår ved prøvinga, skal gå til frådrag i full supplerande stønad krone for krone. Det synest ikkje aktuelt med fribeløp eller eventuelt å ta omsyn berre til ein prosentdel av inntektene. Prøvinga av supplerande stønad vert på den måten meir lik utmålinga av sosialhjelp enn inntektsprøvinga av yttingar i folketrygda, som til dømes prøvinga av alderspensjon mot arbeidsinntekt mellom fylte 67 og 70 år. Dette er etter departementet sitt syn i samsvar med målet om å gi ei garantert samla minsteinntekt.

Når begge ektemakane har fylt 67 år og begge kan få supplerande stønad, skal yttinga til kvar av ektemakane prøvast for seg. Inntekta hos den eine av ektemakane bør då berre takast med ved prøvinga av yttingane til den andre i den mon inntekta er høgare enn full supplerande stønad etter lovutkastet § 5 første leddet bokstav c. Dersom begge ektemakane har lågare inntekt enn full supplerande stønad, kan reglane ikkje vere slik at begge får frådrag i stønaden for den samla inntekta til begge, dvs. frådrag to gonger for den same inntekta.

Når det gjeld inntektsprøvinga av forsørgingstillegg i folketrygda og prøvinga av alderspensjon mot arbeidsinntekt mellom fylte 67 og 70 år, meiner departementet at det ikkje er grunn til særskilde tilpassingar i høve til den supplerande stønadsordninga. Yttingane frå folketrygda vil gå inn i inntektsprøvinga av supplerande stønad med det beløp dei utgjør etter inntektsprøvinga i folketrygda, og dei inntektene som eventuelt har ført til reduksjon av yttingane i folketrygda vil gå inn med det beløp dei faktisk utgjør.

Supplerande stønad vert berre gitt dersom full supplerande stønad utgjør eit høgare beløp enn inntektene som skal inngå ved prøvinga, og stønaden

skal då setjast lik differansen mellom den fulle yttinga og inntektene til stønadstakaren. Ein einsleg stønadstakar kan til dømes få supplerande stønad med inntil 105 407 kroner i året (grunnbeløpet = 58 778 kroner). Med ei årleg inntekt på 35 000 kroner vert den supplerande stønaden 70 407 kroner per år (105 407 – 35 000). Gjennomføringa i praksis reiser ikkje vanskelege spørsmål.

#### 5.4.3 Prøving mot formue

Høyringsnotatet opna for å ta omsyn til formue ved vurderinga av om ein skal gi supplerande stønad, men ikkje formue i form av bustad eller anna til dagleg bruk for stønadstakaren. Ein la til grunn at avgjerda inntil vidare burde vere basert på skjønn.

Det kom få merknader frå høyringsinstansane til spørsmålet om å prøve retten til stønad mot formue, sjå punkt 5.3.

*Departementet foreslår at den nye lova skal gi heimel til prøving mot formue.* Dette må som nemnd i høyringsnotatet ikkje gjelde formue i form av ordinar bustad eller andre ting til dagleg bruk for stønadstakaren, men tilfelle med formue klårt utanfor det vanlege. Departementet finn det vanskeleg å definere dette nærare, men vil sjå om røynslene i praksis kan gi grunnlag for ei utfylling av reglane.

I tilfella der det vert lagt vekt på formue, vil resultatet bli at søknaden om supplerande stønad vert avslått. Vedkomande vil kunne kome attende med ein ny søknad dersom tilhøva på dette punktet endrar seg.

### 5.5 Forslag

Departementet foreslår:

- Alle former for inntekt skal inngå ved inntektsprøvinga av supplerande stønad, pensjonsinntekt, kapitalinntekt og arbeidsinntekt, norske inntekter så vel som inntekter frå utlandet. Inntekt hos ektemake, sambuar eller registrert partner inngår i prøvinga.
- Yttingane til ektemakar som begge har fylt 67 år, vert inntektsprøvd for seg. Dersom ein av ektemakane har ei høgare inntekt enn full supplerande stønad, skal den overskytande delen av inntekta takast med ved prøvinga av yttingane til den andre ektemaken.
- Inntekt som inngår i prøvinga skal gå til frådrag i stønaden krone for krone.
- Supplerande stønad skal utgjere eventuell positiv differanse mellom full supplerande stønad og inntektene som inngår i prøvinga.

- Supplerande stønad vert prøvd mot formue, men ikkje vanleg bolig eller andre vanlege ting til dagleg bruk for stønadstakaren. Departementet får heimel til å gi forskrift til utfylling av lova.
- Departementet viser til §§ 6, 7 og 8 i lovforslaget og til merknadene til desse paragrafane.

## 6 Kontroll

### 6.1 Høyringsnotatet

Høyringsnotatet gjorde greie for dei kontrollbehova som den nye stønadsordninga fører med seg i høve til reglane om inntektsprøving og i høve til om vilkåret om å vere busett i Noreg er oppfylt. Ved inntektsprøvinga av stønaden skal det inngå eit vidt spekter av norske og utanlandske inntekter, og ein skal ta omsyn til inntektene til ektemake, sambuar eller registrert partner og til formue. Ein vil kunne bruke dei kontrollordningane ein har i dag, men på eit utvida område.

Høyringsnotatet peika vidare på at den supplerande stønadsordninga vil stille strengare krav til kontroll enn til dømes kontrollen med pensjonar frå folketrygda, av di den supplerande stønad skal stoggast ved lengre utanlandsopphald enn tre månader. Det vart framheva at stønadstakarane må ha plikt til å melde frå i god tid før eit opphald i utlandet. Meldeplikta må omfatte kor lenge stønadstakaren trur at opphaldet vil vare. Opplysningane bør vere dokumenterte, til dømes ved framlegg av tur/returbillett. Høyringsnotatet reiste vidare spørsmål om å innføre ei plikt til å møte personleg på trygdekontoret med fastsette mellomrom, alternativt å sende kort til bustadsadressa i Noreg, som stønadstakaren skal signere og sende attende innan ein kort frist.

### 6.2 Høyringsinstansane

Mange av høyringsinstansane har synspunkt på kontrollspørsmåla:

*Kommunenes Sentralforbund* er samd i behovet for kontroll, og støttar innføringa av ei plikt til å melde seg på trygdekontoret som kontroll i høve til opphald i utlandet.

*Bosnia-Hercegovina Forbundet* går inn for at kontroll med opphald i utlandet skjer ved utsending av kort som skal returnerast signert av stønadstakaren.

*Utlendingsdirektoratet* peikar på at bruk av kort som vert sendt til stønadstakaren for signering og retur til trygdekontoret ikkje alltid vil fungere godt, av di ein del eldre utlendingar ikkje kan skrive.

*Ressurscenter for pakistanske barn* foreslår som eit kontrolltiltak at stønadstakarane får plikt til å møte på trygdekontoret minst to gonger i året med pass eller reisedokument. Trygdekontoret kan då kontrollere inn- og utreisestemplingar.

*MiRa-senteret* og *Arbeidernes Kommunistparti (AKP)* er lite glade for dei kontrolltiltaka i høve til opphald i utlandet som vart skisserte i høyringsnotatet. Senteret meiner at ordninga «fratar en eldre person retten til bevegelsesfrihet.» AKP reiser óg på dette punktet spørsmål om ordninga verkar diskriminerande.

*Senter mot etnisk diskriminering* meiner at personleg oppmøte på trygdekontoret er for inngripande og ikkje bør vere ein del av kontrollen. Senteret peikar særleg på at den tradisjonelle levemåten til reisande gjer det naudsynt å tilpasse kontrolltiltaka til dette. Trygdeetaten har etter Senteret si oppfatning vore for strenge med denne gruppa.

*Datatilsynet* legg vekt på at den nye lova gjer det klårt kva for opplysningar ein treng for handsaming av sakene og korleis etaten skal skaffe seg desse opplysningane. Tilsynet meiner at det primære bør vere at stønadstakaren sjølv dokumenterer inntekt og formue, slik at trygdeetaten berre unntaksvis hentar opplysningane på eiga hand. Vidare åtvarar Datatilsynet mot å lage særskilt strenge kontrollordningar for den supplerande stønaden, slik at tiltaka kan framtre som brot på prinsippet om likebehandling, vurdert i høve til det som gjeld for alderspensjonistar i folketrygda.

*Rikstrygdeverket* har ei rekkje synspunkt når det gjeld kontrollaspektet, mellom anna følgjande:

«Når det gjelder kontroll av inntekter fra utlandet og formue i utlandet er mulighetene meget små dersom vedkommende ikke har oppgitt inntektene og formuen til norske ligningsmyndigheter. Pensjonsinntekter fra EØS-land og andre land vi har trygdeavtale med vil kunne innhentes i den grad det gjelder pensjoner som er omfattet av trygdeavtalene. Informasjon om øvrige pensjonsinntekter og andre inntekter fra utlandet vil måtte bygge på søkerens egne opplysninger og de opplysninger ligningsetaten innehar. Det samme gjelder informasjon om formue.

Det vil bli nødvendig å sørge for hjemmel og

rutiner for overføring av informasjon om inntekter og formue fra ligningsmyndighetene i større utstrekning enn det trygdeetaten nå mottar. Inntektsopplysningene som overføres årlig fra ligningsetaten til trygdeetaten begrenser seg nå til pensjonsgivende inntekt, og opplysningene kommer nesten ett år på etterskudd. En mulighet vil kunne være å ha et eget inntekts- og formuesregister for denne personkretsen. Vi antar at bidragssystemets inntektsregister vil kunne utvides til å dekke dette behovet. Det vil da kunne lages månedlige kontroller mot registeret som tilsvarende oppdateres månedlig gjennom overføringer av endringsopplysninger fra ligningsetaten. På denne måten ville man løpende kunne fange opp endringer som meldes til ligningsmyndighetene.

Maskinell kontroll kan foretas løpende mot arbeidstaker-/arbeidsgiverregisteret, slik at det kan fanges opp dersom en stønadmottaker kommer i inntektsgivende arbeid eller endrer arbeidsgiver. Ettersom målgruppen for den supplerende stønaden er 67 år eller mer, vil denne kontrollen være av mindre betydning, men den bør etter Rikstrygdeverkets mening likevel foretas.

Man bør i tillegg kunne forlange at stønadmottakerne en gang i året besvarer et spørreskjema vedrørende sin totale økonomiske situasjon og sin sivilstatus. Utsendelse og oppfølging av et slikt kontrollskjema vil pålegge den behandlende instansen et vesentlig arbeid, spesielt dersom det blir nødvendig med innkalling til samtale eller det må sendes ut purringer. Det må fastsettes en frist for når stønaden kan stanses dersom stønadmottakeren ikke svarer på henvendelsene. En frist på tre måneder kan synes rimelig, tatt i betraktning at det skal tillates et fravær fra riket på inntil tre måneder pr. år.

De praktiske mulighetene til å kontrollere at en person faktisk oppholder seg i Norge er begrenset. En løpende kontroll mot folkeregisteret vil måtte etableres, og dette kan fange opp tilfeller der det faktisk meldes flytting ut av landet. Mulighetene til å kontrollere flyttinger som ikke meldes til folkeregisteret er små. Det samme gjelder kontrollmulighetene vedrørende varigheten av eventuelle ferieopphold i utlandet.»

I høyringssvaret reiser Rikstrygdeverket spørsmål om ordningar som inneber at stønadstakaren får plikt til fram møte på trygdekontoret, men peikar samstundes på at dette vil krevje administrative ressursar. Mellom anna vil det kunne vere naudsynt med tolk i slike situasjonar. Rikstrygdeverket peikar òg på at samarbeid med inn- og utreisekontrollen vil kunne gi resultat.

### 6.3 Vurdering

Vilkåra for ytingar frå den supplerande stønadsordninga gjer det naudsynt med kontroll i høve til inntekt og formue og i høve til opphald i utlandet. Kontrollen må vere meir omfattande enn for ytingar frå folketrygda, særleg når det gjeld opphald i utlandet.

I høyringssvaret sitt tilrår Datatilsynet at ein så mykje som mogleg baserer seg på opplysningane frå stønadstakaren. Departementet vil i samband med dette peike på at Riksrevisjonen ved fleire høve har retta kritikk mot at kontrollen i trygdeetaten ikkje har vore god nok, slik at ytingar er gitt med uriktige beløp (sjå til dømes Dokument nr. 1 for 2000–2001 sidene 83 – 91). Ein legg difor til grunn at den nye lova om supplerande stønad bør ha *minst* dei same heimlane for trygdeetaten som i folketrygda til å hente opplysningane sjølv.

Når det gjeld henting av inntektsopplysningar, vil ein kunne nytte dei kjeldene som trygdeetaten har i dag, sjå høyringssvaret frå Rikstrygdeverket. Det er likevel naudsynt med fleire data enn vanleg ved inntektsprøvinga av trygdeytingar, der det sentrale er stønadstakaren si eiga arbeidsinntekt. Behovet for opplysningar om inntekts- og formuestilhøva for ektemaken eller sambuaren er langt på veg eit særtrekk ved den supplerande stønaden. Inntektsprøvinga av tillegg for forsørgt barn eller ektefelle er det som ligg nærast opp til prøvinga av den nye ytinga.

Ein stor del av dei som kan få supplerande stønad, har ein avkorta alderspensjon frå folketrygda, slik at kontrolltiltak til ein viss grad er implementerte alt på bakgrunn av reglane i dag.

Kontrollen mot ytingar frå folketrygda bør kunne vere 100 prosent effektiv, og det same bør gjelde utbetalingane av andre norske pensjonsytingar, offentlege eller private. Opplysningane i likningsetaten vil vere eit viktig sjekkpunkt. Vidare opnar det internasjonale trygdesamarbeidet for kontroll i høve til ytingar frå andre land. Inntekt og formue i utlandet vil likevel generelt vere vanskeleg å kontrollere.

Dersom trygdekontoret er i tvil om inntektsopplysningane dei har fått er korrekte, bør dei – dersom det er vanskeleg å skaffe god dokumentasjon på annan måte – kunne løyse eventuelle kontrollproblem ved å påleggje stønadstakaren ei plikt til å dokumentere at opplysningane stemmer. Dersom stønadstakaren ikkje skaffar dokumentasjonen, bør retten til stønaden falle bort så lenge det er tvil om vilkåra er oppfylte.

Som nemnd vil det avgrensa høvet til opphald i utlandet i den supplerande stønadsordninga stille større krav til kontroll på dette punktet enn når det

gjeld kontrollen med pensjonar frå folketrygda. Stønadstakarar som får supplerande ytingar etter nyordninga, må få plikt til å melde frå i god tid før eit opphald i utlandet. Meldeplikta må òg omfatte kor lenge stønadstakaren trur at opphaldet vil vare. Opplysningane bør vere dokumenterte, til dømes ved framlegg av tur/returbillett.

Trygdekontoret vil ha få alternativ til maskinell kontroll med kor stønadstakaren er på ein gitt dato. Folkeregisteret vil ikkje vere brukbart i denne samanhengen, av di stønadstakaren i alle høve skal vere registrert der. Som nemnd i høyringssvaret frå Rikstrygdeverket, er det er mogleg at data omkring inn- og utreise frå landet vil kunne vere til hjelp ved kontrollen. Dersom ein må etablere nye koblingar mellom register, kan ein få vanskelege spørsmål i høve til personopplysningslova. Nye kontrolltiltak av denne typen vil kunne innebære at trygdeetaten får store mengder informasjon som ikke er naudsynt for formålet.

Ordninga reiser difor spørsmål om kontrolltiltak som ikkje er like vanskelege i høve til personvernet, men som på den andre sida kan opplevast som inngripande for den einskilde stønadstakaren. Det kan vere aktuelt å innføre plikt til å møte personleg på trygdekontoret med fastsette mellomrom. Eit alternativ vil vere å sende kort til bustadsadressa i Noreg, som stønadstakaren skal signere og sende attende innan ein kort frist.

Synet på personleg frammøte på trygdekontoret varierer sterkt blant høyringsinstansane. Departementet kan sjå dei problema som er knytta til dette, men ser på den andre sida ikkje alternative fullgode måtar til å føre kontroll med at vilkåret om avgrensa opphald i utlandet vert etterlevd i praksis. Det vil vere behov for å arbeide vidare med desse spørsmåla fram til ordninga vert sett i kraft (sjå punkt 12).

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at ein person skulle ha ein varig rett til supplerande stønad så lenge han eller ho fyller vilkåra for ytinga. I det vidare arbeidet med saka har departementet vurdert om stønad bør bli gitt for ein avgrensa periode i tråd med den tilsvarende ordninga i Sverige, der ytingane vert gitt for eitt år om gongen (sjå punkt 9.1).

Ein avgrensa stønadsperiode har til føremon at ein stor del av kontrollen med omsyn til inntekter og opphald i utlandet kan skje i samband med søknaden om forlenga ytingar. Rikstrygdeverket mei-

ner at denne effekten vert særleg stor dersom søkjaren må møte personleg på trygdekontoret ved framlegg av søknaden. Eit slikt krav vil ikkje innebære eit vesentleg inngrep for søkjaren, ettersom det i alle høve er vanleg at ein er innom trygdekontoret i samband med krav om varige ytingar.

Etter tilhøva vil departementet foreslå at supplerande stønad berre vert gitt for tolv månader om gongen, og at søkjaren må møte personleg på trygdekontoret for å kunne søkje om supplerande stønad. Prosedyren bør vere den same enten det er spørsmål om å gi supplerande stønad første gongen eller om forlenging av stønadsperioden. Det vil likevel vere behov for andre kontrolltiltak og heimlar for slik kontroll, men tiltak utanom kontrollen ved handsaminga av søknaden må byggjast opp med denne kontrollen som fast ramme.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen at:

- a) Supplerande stønad vert gitt for 12 månader om gongen. Ved søknad om stønad eller om forlenging av stønadsperioden må søkjaren møte personleg på trygdekontoret.
- b) Det vert innarbeidd reglar i den nye lova om stønadstakaren si plikt til å gi opplysningar om inntekt og formue og andre tilhøve som verkar inn på retten til supplerande stønad, etter mønster av dei tilsvarende reglane i folketrygdlova.
- c) Det vert innarbeidd reglar slik at trygdeetaten kan hente opplysningar som nemnd i bokstav b, tilsvarende reglane i folketrygda.
- d) Opplysningsplikta for stønadstakaren og heimen for trygdeetaten til å hente opplysningar skal gjelde tilsvarende for stønadstakaren sin ektemake eller sambuar.
- e) Trygdeetaten kan setje som vilkår for å gi stønad eller halde fram med å utbetale stønad at stønadstakaren eller ektemaken/sambuaren legg fram dokumentasjon om tilhøve som gjer det usikkert om vilkåra for ytinga er oppfylte.
- f) Det vert innarbeidd heimel for departementet til å gi forskrift om kontroll, mellom anna med sikte på eventuelt å påleggje personleg frammøte på trygdekontoret etter nærare reglar i tillegg til plikta til personleg frammøte etter bokstav a.

Ein viser til lovforslaget § 11 første leddet og til §§ 18, 19, 20 og 21 og til merknadene til desse paragrafane.



## 7 Låge stønadsbeløp, justering og utbetaling av ytingar mv.

### 7.1 Låge stønadsbeløp

#### 7.1.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det peika på at den supplerande stønaden vil utgjere differansen mellom eit garantibeløp og dei inntektene som skal inngå ved prøvinga. I nokre tilfelle vil ytingane frå den supplerande ordninga bli svært små. Dei administrative kostnadene ved handsaminga av saka og ved utbetalinga av ytingane vil kunne bli høgare enn stønaden. Departementet gikk inn for at retten til supplerande stønad burde falle bort dersom dei månadlege stønadsbeløpa vert svært låge, dvs. mellom kr 100 og kr 300 per måned.

#### 7.1.2 Høyringsinstansane

Dei fleste høyringsinstansane let vere å ta opp dette spørsmålet.

*Rikstrygdeverket* er samd i at ytingar ikkje vert gitt i tilfelle med svært små månadlege ytingar, men meiner likevel at grensa ikkje bør setjast for høgt. Rikstrygdeverket meiner vidare at grensa bør utgjere ein viss prosent av supplerande stønad, slik at ein får ei automatisk regulering av minstebeløpet. Det vert foreslått å sette grensa til 2 prosent av supplerande stønad for ein einsleg stønadstakar.

#### 7.1.3 Vurdering

Arbeids- og sosialdepartementet meiner at det bør fastsetjast ei beløpsgrense, slik at den supplerande stønaden berre vert gitt dersom stønadsbeløpet vert minst så høgt som dette beløpet. Kostnadene ved å administrere ei sak og ved utbetalinga av ytingar talar for dette. Sett på bakgrunn av målet med den nye lova, bør minstebeløpet ikkje vere for høgt. Departementet meiner óg at det vil vere ei føremon å få ei beløpsgrense som ikkje må regulerast særskilt (sjå forslaget frå Rikstrygdeverket).

Etter ei samla vurdering vil departementet foreslå at supplerande stønad ikkje vert utbetalt dersom stønaden er lågare enn to prosent av full supplerande stønad etter lovforslaget § 5 første leddet bokstav a (nivået for einslege stønadstakarar) utan tillegg for forsørgde barn. Med eit grunnbeløp på

58 778 kroner vert grensa 2 108 kroner per år og 176 kroner per måned.

Ein viser til lovforslaget § 9 og merknadene til denne paragrafen.

### 7.2 Justering av fastsett stønad

#### 7.2.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det peika på at den nye lova må ha reglar om kva som skal skje når inntektene endrar seg over tid. Departementet la til grunn at det bør vere romslege krav til storleiken på endringane før den supplerande stønaden vert vurdert på nytt, og ein gikk difor inn for at ein berre skulle ta omsyn til inntektsendringar som gir ei endring av stønaden på minst 15 prosent.

#### 7.2.2 Høyringsinstansane

Det var få kommentarar til dette frå høyringsinstansane, men det vart reist spørsmål om ikkje terskelen for endringar burde vere lågare.

#### 7.2.3 Vurdering

Grensa for endring av stønaden ved inntektsendringar vert avgjerande for når stønaden skal setjast opp eller ned. Det er viktig, slik det vart framheva i høyringsnotatet, at ein ikkje får for mange endringssaker, men dette må vurderast i høve til utslaga for stønadstakarane. Det vil generelt heller ikkje vere heldig at ytingane er høgare eller lågare enn den faktiske inntekta skulle føre til. *Etter ei ny vurdering foreslår departementet at inntektsendringar skal føre til endringar i stønaden når stønaden som følgje av dette vil gå opp eller ned med minst 10 prosent.* Dette tilsvarar grensa i praksis i folketrygda.

Det er óg andre tilhøve som vil kunne føre til endringar i stønaden, til dømes endringar i samburskap eller at eit forsørgt barn fyller 18 år. Departementet foreslår difor at lova får ei generell utforming.

Ein viser til lovforslaget § 10 og merknadene til denne paragrafen

## 7.3 Reglar for utbetaling og etterbetaling

### 7.3.1 Høyringsnotatet

Høyringsnotatet viste i hovudsak til reglane i folkestrygda om start og stans av ytingar, og la til grunn at desse reglane enten kunne takast inn i den nye lova eller gjelde tilsvarande ved at den nye lova viser til dei.

I høyringsnotatet vart det likevel foreslått at hovudregelen for *etterbetalingar* i folkestrygda skulle leggjast til grunn for etterbetaling av supplerande stønad, slik at stønad vert gitt for inntil tre månader før den månaden då søknaden om ytingar kom til trygdekontoret. Ein gikk inn for at dette skulle vere ei absolutt grense for etterbetaling, slik at ein i motsetnad til i folkestrygda ikkje supplerer med reglar om etterbetaling i lengre periodar når søknaden kjem for seint på grunn av feilinformasjon i trygde-etaten mv. Etter høyringsnotatet burde lova heller ikkje opne for utvida etterbetaling i form av krav om erstatning etter lova om skadebot.

### 7.3.2 Høyringsinstansane

Spørsmålet vart i liten grad kommentert av høyringsinstansane.

*Bosnia-Hercegovina Forbundet* meiner at ein bør kunne gi etterbetaling i tre år når manglande ytingar har si årsak i feil hos det offentlege.

*Senter mot etnisk diskriminering* meiner at reglane om etterbetaling bør vere dei same som i folkestrygda, og finn at forslaget i høyringsnotatet liknar for mykje på reglane om økonomisk sosialhjelp.

### 7.3.3 Vurdering

Departementet vil peike på at ytingane frå ei supplerande stønadsordning skal dekkje dei daglege behova til stønadstakaren. Ytinga er meint å erstatte, heilt eller delvis, behovet for økonomisk sosialhjelp i den aktuelle gruppa, og stønadstakarane vil normalt ha vore klientar på sosialkontoret i perioden som det vil vere aktuelt å gi etterbetaling av ytingar for. Det vil ikkje vere tenleg å leggje opp til etterbetaling for lange periodar. *Arbeids- og sosialdepartementet* meiner at ein bør kunne leggje til grunn hovudregelen i folkestrygdlova § 22–13 tredje leddet om etterbetaling i tre månader. Regelen gjeld for dei fleste av ytingane frå folkestrygda, til dømes for uførepensjon.

Av dei same grunnane meiner departementet at det heller ikkje er aktuelt å opne for utvida etterbetaling av supplerande stønad når feil på trygdekon-

toret er årsaka til at ytinga ikkje er gitt tidlegare. Den supplerande stønaden bør berre ha verknad framover i tid, og bør på dette punktet likne sosialhjelpa. I tråd med forslaget i høyringsnotatet bør ein óg avskjere krav om kompensasjon på erstatningsrettsleg grunnlag for stønad ein ikkje har fått på grunn av grensa for etterbetaling. Tilsvarande bør ein – i tråd med ordninga i folkestrygda (sjå folkestrygdlova § 22–17) – heller ikkje gi renter ved etterbetaling eller erstatning for rentetapet på erstatningsrettsleg grunnlag. Ei sak om supplerande stønad vil kunne ta relativt lang tid dersom det er problem med dokumentasjonen av inntekter mv., og spørsmålet om renter vil kunne reise seg i slike tilfelle. Det vil likevel sjelden dreie seg om renter for lengre tid enn nokre månader.

Departementet foreslår at supplerande stønad berre vert gitt i inntil tre månader før den kalendermånaden då søknaden om stønad vart sett fram. Det skal heller ikkje vere opning for å krevje kompensasjon for tapte terminar etter lova om skadebot eller etter alminnelege erstatningsrettslege reglar. Tilsvarande skal ein ikkje gi renter eller eventuell erstatning for rentetap.

Departementet foreslår i tillegg at det vert gitt reglar om utbetaling av ytingar mv. i tråd med reglane for månadsvisse ytingar i folkestrygda. Det synest å vere den beste løysinga å ta desse reglane inn i den nye lova framfor å vise til paragrafane i folkestrygdlova. Mellom anna vil då tilpassingar til den nye stønadsordninga kunne gå fram på ein betre måte.

Stønadstakaren vil ofte ha hatt økonomisk sosialhjelp i heile eller delar av perioden som ei etterbetaling av supplerande stønad refererer seg til. Det er her behov for ei samordning, ettersom det ikkje er meininga at stønadstakaren skal ha begge stønadene fullt ut. *Departementet* finn at den enklaste løysinga vil vere at trygde-etaten av eige tiltak gjer frådrag i den supplerande stønaden for sosialhjelp som er gitt i etterbetalingsperioden. Dette inneber at trygdekontoret alltid må undersøke med sosialkontoret i kva mon stønadstakaren har hatt sosialhjelp. Resultatet av frådraget kan eventuelt bli at det ikkje vert nokon supplerande stønad å etterbetale. Supplerande stønad som vert halden attende på denne måten, skal trygdekontoret overføre til sosialtenesta som refusjon dersom sosialtenesta har krav på dette etter sosialtenestelova.

I punkt 6.3 vart det foreslått at supplerande stønad vert gitt for ein periode på 12 månader om gongen. I lovforslaget vert dette innarbeidd i tilknytning til reglane om utbetaling og etterbetaling, som forslaget om ein avgrensa stønadsperiode høyrer nært saman med. Reglane om etterbetaling vil nor-

malt berre verke inn den første gongen ein søker om stønad, men vil kunne ha verknad i andre tilfelle óg. Til dømes kan det vere at ein person somlar med å søkje om forlenga ytingar. Det er difor behov for ei generell regulering.

Ein viser til § 11 i lovforslaget og merknadene til denne paragrafen.

## 8 Andre spørsmål

### 8.1 Tilbakekrevjing av feilutbetalte ytingar

Dette spørsmålet vart ikke teke opp i høyringsnotatet.

Departementet foreslår at lova om supplerande stønad får ein paragraf som gir heimel for å krevje attende feilutbetalte ytingar *dersom stønadstakaren forsto eller burde ha forstått at utbetalinga grunna seg på ein feil*. Mønsteret er den tilsvarande regelen i bidragsinnkrevjingslova § 14 nr. 2 snarare enn dei meir kompliserte reglane i folketrygdlova § 22–15.

Forslaget inneber vidare at beløp som vert krevde attende kan bli *avrekna i framtidige terminar av supplerande stønad eller andre ytingar til livsopp-hald*, men slik at avrekninga er avgrensa til 10 prosent av dei aktuelle terminbeløpa. Dette tilsvarar ordninga etter folketrygdlova § 22–16 (sjå óg den same lova § 22–15 tredje leddet).

Beløp som ikkje vert avrekna som nemnd, kan etter forslaget krevjast inn etter reglane i bidragsinnkrevjingslova. Dette tilsvarar regelen i folketrygdlova § 22–15 tredje leddet.

Ein viser til § 13 i lovforslaget og til merknadene til denne paragrafen.

### 8.2 Finansiering

I høyringsnotatet vart det lagt til grunn at utgiftene til supplerande stønad skulle dekkjast av det ordinære statsbudsjettet. Dette er mellom anna vesentleg for å få unntak frå eksportkravet i EØS-avtalen (om dette sjå punkt 12). Departementet foreslår at dette vert slått fast i den nye lova § 14, som er utforma etter mønster av barnetrygdlova §§ 20 og 21.

Ein viser til lovforslaget § 14 og til merknadene til denne paragrafen.

### 8.3 Handsaminga av saker

Ein viktig del av reglane for handsaming av saker om supplerande stønad er drøfta i punkt 6 om kontroll. Det er óg bruk for andre reglar, som i store trekk kan byggje på dei tilsvarande reglane i folketrygda. Departementet foreslår:

- a) I § 15 i den nye lova vert det bestemt at reglane i forvaltningslova gjeld for handsaminga av sakene, men med dei unntaka som framgår av lova (tilsvarande er bestemt i folketrygdlova § 21–1).
- b) I § 16 vert det bestemt at Rikstrygdeverket avgjer saker etter lova, men slik at avgjerda kan bli delegert til anna organ i trygdeetaten (tilsvarande er bestemt i folketrygdlova § 20–2). Rikstrygdeverket vil vurdere nærare om desse sakene skal avgjerast lokalt på trygdekontoret eller om handsaminga skal leggjast til anna organ med sikte på å sikre særleg kompetanse på dette området. Det einskilde trygdekontoret vil ofte ha få slike saker.
- c) I § 17 vert det bestemt at søknad om supplerande stønad skal setjast fram for trygdekontoret på bustaden, som har plikt til å hjelpe til med å fylle ut det aktuelle skjemaet (tilsvarande er bestemt i folketrygdlova § 21–2, sjå óg forvaltningslova). Det vert presisert at søkjaren må møte personleg i samband med søknaden (sjå punkt 6.3).
- d) I § 22 vert det bestemt at saker etter lova kan ankast inn for Trygderetten. For saker etter folketrygdlova framgår dette av same lova § 21–12, som inneheld ei rekkje andre reglar om anke og klage. Etter forslaget til § 22 i lova om supplerande stønad skal desse reglane gjelde så langt dei høver. Departementet har vurdert om ei anna ordning for anke eller klage kunne vere aktuelt for saker om supplerande stønad, men har ikkje funne grunnlag for dette.
- e) I § 23 vert det vist til andre saksbehandlingsreglar mv. i folketrygda, som skal gjelde for saker om supplerande stønad så langt dei høver. Dette gjeld folketrygdlova §§ 20–8 (revisjon), 21–9 (teieplikt), 21–10 (behandlingstid og plikt til skriftleg melding om vedtak), 21–11 (heimel for Rikstrygdeverket til å gjere om vedtak i underordna organ), 22–1 (utbetaling til den som har rett til ytinga), 22–6 (utbetaling til sosialkontoret eller andre når stønadstakaren ikkje kan disponere ytinga sjølv) og 22–18 (utbetalingsmåten for ytingar).

Ein viser til dei nemnde paragrafane i lovforslaget og til merknadene til den einskilde paragrafen.

## 9 Ordningar i andre land

### 9.1 Äldreförsörjingsstöd (AFS), Sverige

*Sosialförsäkringslagen* regulerer kven som er omfatta av den nye AFS-lova, som tok til å gjelde 1. januar 2003. I motsetnad til den kommunalt finansierte sosialhjelpa i Sverige, er AFS statleg finansiert. Stønad er meint å vere ei siste sikring for personar i økonomisk krise når dei har nådd pensjonsalderen, men ikkje har tilstrekkeleg ordinær pensjon. Det er eit vilkår for AFS at personen er busett i Sverige, men det gjeld inga krav til ei minste butid eller liknande.

Stønad vert gitt frå personen fyller 65 år (aldersgrensa i Sverige) og vert prøvd mot inntekta til stønadstakaren og inntekta til ektemaken. Som inntekt reknast pensjonsinntekt og arbeidsinntekt mv., men óg bustøtte til pensjonistar og annan bustøtte.

Stønad skal sikre livsopphald og dekkje rimeleg bukostnader. Maksimalt stønadsnivå er 1/12 av 1,294 gonger *prisbasbeloppet* (SEK 38 600) per månad for einslege og 1/12 av 1,084 gonger prisbasbeloppet for gifte stønadstakarar. Buutgifter blir dekte med opptil SEK 5 700 per månad for einslege og halvparten, SEK 2 850, for gifte. Samla støtte, inkludert bustøtte, kan då bli SEK 118 348 på årsbasis for ein einsleg person.

Stønad vert utbetalt i månadlege terminar og vert gitt frå og med den månaden vedkomande fyller vilkåra for ytinga til og med den månaden då retten fell bort. Stønad vert gitt for maksimalt 12 månader om gongen. Etter 12 månader må stønadstakarane setje fram ny søknad.

Ved opphald i fengsel og ved opphald i behandlingsheim og liknande, der staten dekkjer utgifterne, skal trygda ha vederlag, til vanleg SEK 80 pr. dag.

Alle satsane her er satsane i 2003.

### 9.2 Ordningar i andre EØS-land

Nedanfor følgjer ei liste over ordningar i andre EØS-land som er av same slag som den supplerande stønadsordninga som er skissert i notatet her og som er tekne inn i vedlegg IIa til forordning 1408/71, dvs. som ikkje er omfatta av eksportplikta etter forordninga (sjå punkt 12):

- *Belgia* – garantert minsteinntekt for eldre (kvinner over 62 år, menn over 65 år).
- *Spania* – alderspensjon som ikkje er basert på innbetalt avgift (gjeld for personar over 65 år).
- *Frankrike* – «spesiell» stønad og supplerande stønad for personar som har fylt 65 år og for arbeidsuføre som har fylt 60 år.
- *Irland* – alderspensjon som ikkje er basert på innbetaling av trygdeavgift (gjeld for personar over 66 år).
- *Italia* – sosial stønad for eldre (over 65 år).
- *Liechtenstein* – supplerande stønad for eldre, attlevande og uføre.
- *Portugal* – sosial alderspensjon (personar over 65 år).
- *Storbritannia* – alderspensjon for personar som er 80 år eller eldre.

Det er mogleg at lista kunne ha vore supplert med fleire ordningar i fleire land. Det er vanskeleg å vurdere kva som ligg bak dei enkelte ordningane i vedlegg IIa utan å gå inn på detaljane. Ordningane som er tekne med her, er klårt nok ordningar av same type som den supplerande stønadsordninga som er foreslått i proposisjonen her. Det er verdt å merkje seg at dei fleste av dei opplista ordningane er avgrensa til personar som har nådd pensjonsalderen.

## 10 Nærare om personkrinsen

### 10.1 Samansetning

Som nemnd i punkt 2 vil dei som er aktuelle for ytingar frå ei supplerande stønadsordning i alt vesentleg vere innvandrarak frå land utan eit offentleg sikringssystem tilsvarande folketrygda. Hovudgruppa vil vere innvandrarak frå land i Afrika, Asia, Latin-Amerika og Aust-Europa.

På individnivå vil det dreie seg om personar som har kome til Noreg så seint i livet at dei ikkje kan få full opptening i folketrygda, definert som personar som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Ei undergruppe er personar som var 67 år eller eldre då dei kom hit til landet. Denne gruppa vil ikkje ha eigen opptening i Noreg, med mindre dei var i arbeid her mellom fylte 67 og 70 år. Nokre viktige data om desse personane er tekne inn i tabell 10.1.

Tabell 10.1 viser at det totalt var 4 933 personar i denne innvandrargruppa per 31. desember 2002. Dei dominerande regionane er Aust-Europa og Asia, som er om lag like store og som til saman utgjør 86 prosent av den totale populasjonen.

Butida i tabellen er butid som gir rett til pensjon, dvs. at berre butid til og med det året dei fylte 66 er rekna med. Den gjennomsnittlege butida er låg – berre 12,8 år – og lågare enn ein kunne vente ut frå gjennomsnittsalderen blant innvandrarak under 67 år (differansen mellom pensjonsalderen og gjennomsnittsalderen i denne gruppa er meir enn 12 år). Om lag 23 prosent hadde inga butid som gir rett til pensjon (personar som kom til Noreg ved fylte 67 år eller seinare). Butida i gruppa over 67 år vil auke jamnt i åra som kjem. I 2006 vil den venteleg vere 14,5 år.

### 10.2 Mottak av sosialhjelp

Mottaket av økonomisk sosialhjelp er særleg interessant i høve til den nye supplerande stønadsordninga. Tala på dette området gir ein peikepinn om kor mange som vil kunne kome inn under den nye ordninga og kor store stønadsutgiftene vil kunne bli.

Tabell 10.1 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Butid i Noreg som gir rett til pensjon. 31. desember 2002. (SSB)

	Personar i alt	Til Noreg ved fylte 67 år +	Gj.snittleg butid
Aust-Europa .....	2 146	533	13,0 år
Afrika .....	369	56	18,4 år
Asia .....	2 130	516	9,7 år
Latin-Amerika .....	288	22	18,5 år
Alle .....	4 933	1 127	12,8 år

Tabell 10.2 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Sosialhjelp i 2002. (SSB)

	Antal og i pst.	Gj.snittleg beløp	Sosialhjelp i alt
Aust-Europa .....	867 (40,4 pst)	86 261	74,8 mill. kr.
Afrika .....	80 (21,7 pst)	62 079	5,0 mill. kr.
Asia .....	579 (27,2 pst)	71 286	41,3 mill. kr.
Latin-Amerika .....	57 (19,8 pst)	66 572	3,8 mill. kr.
Alle .....	1 583 (32,1 pst)	78 853	124,9 mill. kr.

I 2002 fekk 32 prosent av den aktuelle innvandrargruppa sosialhjelp. Mottak av sosialhjelp var mest vanleg for innvandrarakar frå Aust-Europa. Vel 40 prosent av denne undergruppa hadde sosialhjelp i 2002, og det var óg denne undergruppa som fekk det høgaste gjennomsnittlege beløpet utbetalt, kr. 86 261. Totalt vart det utbetalt om lag 125 millionar kroner i sosialhjelp i 2002. Nær 75 millionar kroner av dette gikk til innvandrarakane frå Aust-Europa, dvs. 60 prosent.

Dei fleste med sosialhjelp – om lag 77 prosent eller 1 220 personar – fekk utbetalt meir enn kr 50 000 i 2002. Dette indikerer eit varig behov for økonomisk støtte. Sett i høve til den låge gjennomsnittlege butida og den tilsvarande reduserte retten til ytingar i folketrygda, er det likevel få som får sosialhjelp. Årsaka til dette kan vere at mange får høgare ytingar frå folketrygda av di dei har formell status som flykting eller har arva pensjonsrettar frå avliden ektemake, eller dei kan ha ektemake eller sambuar som har arbeidsinntekt eller god pensjon.

### 10.3 Faktorar som reduserer uttaket av sosialhjelp

For å få til koblingar mellom dei ulike elementa som verkar saman, har det vore naudsynt å gå attende til SSB-tal for 2001. Desse koblingane fører óg til at utvalet i 2001 ikkje kan samanliknast heilt

ut med utvalet i 2002. Hovudtala går fram av tabell 10.3, som skiljer mellom to undergrupper – personane som kom til Noreg ved fylte 67 år eller seinare, og personane som kom hit mellom fylte 27 og 67 år.

Det var i alt 4 480 personar over 67 år i den aktuelle innvandrarakbefolkninga. Om lag 35 prosent av utvalet hadde fått økonomisk sosialhjelp i 2001, dvs. ein noko større del enn i 2002. Om lag 69 prosent hadde pensjon frå folketrygda. Som venta var prosentdelen med sosialhjelp størst (59,7 mot 29 prosent) og prosentdelen med pensjon minst (9,3 mot 83,6 prosent) i undergruppa som kom til Noreg ved fylte 67 år eller seinare. Det er verdt å merkje seg at andelen med sosialhjelp var under 60 prosent sjølv i gruppa som kom ved fylte 67 år eller seinare, og som berre unntaksvis vil ha eigen opptent pensjon i folketrygda. Mottaket av sosialhjelp hadde om lag det same nivået totalt som i 2002.

Tabell 10.4 viser kor mange i gruppa som hadde full grunnpensjon og kor mange som hadde tilleggspensjon større enn særtillegget.

Dersom ein person har full grunnpensjon, vil han eller ho ikkje få ytingar frå ei ny supplerande ordning. Likeeins vil tilleggspensjon utover særtillegget innebere at behovet for supplerande stønad vert redusert eller fell bort. Gjennomsnittleg tilleggspensjon i dei aktuelle sakene var 1,56 G. Tabell 10.4 viser at i alt 43,6 prosent av heile populasjonen hadde enten full grunnpensjon eller tilleggspensjon større enn særtillegget eller begge delane. Dette gir mykje av forklaringa på at uttaket av sosi-

Tabell 10.3 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Mottak av sosialhjelp og pensjon frå folketrygda i 2001. (SSB)

	Antal og i pst.	Med pensjon	Med sosialhjelp
Til Noreg ved fylte 67 år + .....	893 (19,9 pst)	83 (9,3 pst)	533 (59,7 pst)
Til Noreg mellom fylte 27 og 67 år .....	3 587 (80,1 pst)	2 999 (83,6 pst)	1 040 (29,0 pst)
Alle .....	4 480 (100 pst)	3 082 (68,8 pst)	1 573 (35,1 pst)

Tabell 10.4 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Personar med full grunnpensjon og/eller tilleggspensjon større enn særtillegget. 2001. (SSB).

	Til Noreg ved fylte 67 år +	Til Noreg mellom fylte 27 og 67 år	I heile populasjonen
A. Full grunnpensj. ....	74 (8,3 pst)	369 (10,3 pst)	443 (9,9 pst)
B. Tilleggspensj. >S .....	–	777 (21,7 pst)	777 (17,3 pst)
Både A og B .....	–	735 (20,5 pst)	735 (16,4 pst)
Sum .....	74 (8,3 pst)	1 881 (52,4 pst)	1 955 (43,6 pst)

alhjelp ikkje er større enn det faktisk er. Årsakene til at så mange personar i gruppa har full grunnpensjon, går ikkje fram av talmaterialet. Heller ikkje går det fram i kva mon tilleggs pensjonane er opp-  
tente av pensjonisten sjølv eller av ein avliden ekte-  
make.

Tabell 10.5 viser frekvensen av økonomisk sosialhjelp for gifte personar alt ettersom ektemaken er norsk eller har bakgrunn som innvandrar.

Mindre enn 1 prosent av dei som hadde ekte-  
make med norsk bakgrunn fekk sosialhjelp i 2001. Der ektemaken hadde innvandrarbakgrunn, var andelen med sosialhjelp større (23 prosent), men like-  
vel lågare enn gjennomsnittet for heile populasjo-  
nen (35 prosent). Tala indikerer at prøvinga mot ekte-  
maken eller sambuaren si inntekt vil kunne spele ei stor rolle for retten til supplerande stønad for gifte personar.

Tabell 10.6 viser mottak av økonomisk sosialhjelp for personar med pensjonert eller sysselsett ektemake.

Tabellen viser at mottaket av sosialhjelp er lågt i desse gruppene sett i høve til gjennomsnittet for populasjonen, om lag 11 prosent for dei med pensjonert ektemake og berre vel 3 prosent for dei med sysselsett ektemake. Dei tilhøva som fører til liten bruk av sosialhjelp vil óg gi seg utslag når det gjeld supplerande stønad.

Opplysningane i tabellane 10.3 – 10.6 gir i sum langt på veg forklaringa på kvifor den faktiske butida i Noreg og den pensjonen ein kan få på grunnlag av dette, ikkje er avgjerande for behovet for sosialhjelp eller supplerande stønad. Ein vesentleg faktor er inntekta til ektemaken. Gifte personar utgjer om lag halvparten av heile populasjonen. Det ser óg ut til at ein stor del av dei som er aktuelle for alderspensjon i dag, har status som flyktningar (26,3 prosent av populasjonen fekk full grunnpensjon).

Tabell 10.5 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Gifte personar etter bakgrunnen til ektemaken og mottak av sosialhjelp. 2001. (SSB)

	Til Noreg ved fylte 67 år +	Til Noreg mellom fylte 27 og 67 år	Alle
Ektemaken har norsk bakgrunn .....	5	542	547
Med sosialhjelp (antal og pst) .....	0	4 (0,7 pst)	4 (0,7 pst)
Ektemaken har innvandrarbakgrunn .....	304	1 268	1 572
Med sosialhjelp (antal og pst) .....	74 (24,4 pst)	288 (22,7 pst)	362 (23,0 pst)

Tabell 10.6 Personar frå Aust-Europa, Afrika, Asia og Latin-Amerika som er 67 år eller eldre og som kom til Noreg ved fylte 27 år eller seinare. Gifte personar med pensjonert eller sysselsett ektemake og mottak av sosialhjelp. 2001. (SSB)

	Til Noreg ved fylte 67 år +	Til Noreg mellom fylte 27 og 67 år	Alle
Med pensjonert ektemake .....	48	1 379	1 427
Med sosialhjelp (antal og pst) .....	9 (18,8 pst)	147 (10,7 pst)	156 (10,9 pst)
Med sysselsett ektemake .....	5	219	224
Med sosialhjelp (antal og pst) .....	1 (20,0 pst)	6 (2,7 pst)	7 (3,1 pst)



## 11 Økonomiske og administrative konsekvensar

### 11.1 Utvidinga av EØS-området og ei supplerande stønadsordning

EØS-avtalen inneber deltaking i eit økonomisk samarbeid der fri rørsle av arbeidskraft er eit av dei berande prinsippa. Avtalen inneber òg ei omfattande regulering av høvet til å flytte over landegrensene for andre persongrupper enn arbeidstakarar eller sjølvstendig næringsdrivande.

Trygdedelen i EØS-avtalen er den mest vidtfamande av dei trygdeavtalane Noreg har med andre land. Målet med trygdereglane i EØS er sikring av trygderettane for personar som har budd og arbeid i fleire av landa som avtalen gjeld for. Avtalen vil styrke retten til ytingar frå dei ordinære trygdeordningane. Ein konsekvens av dette er at behovet for økonomisk sosialhjelp og ytingar frå ei supplerande stønadsordning vert tilsvarande redusert.

Hovudforankringa for trygdereglane i EØS er *rådsforordning 1408/71*. Dei viktigaste prinsippa i forordninga er:

- Ein arbeidstakar skal vere medlem i trygdeordninga i arbeidslandet.
- Borgarar i medlemslanda skal behandlast likt.
- Trygdeperiodar i dei ulike landa skal leggjast saman for å opne rett til ytingar.
- Trygdeytingar skal i regelen bli gitt/utbetalt sjølv om personen bur eller oppheld seg i ein annan medlemsstat.

I høve til dei nye medlemslanda, vil *minstegarantien etter forordning 1408/71 artikkel 50* vere viktig. Garantnivået er minstepensjon i landet der pensjonisten bur, fastsett som om all oppteningstid i EØS hadde vore oppteningstid i dette landet. Dersom summen av ytingar frå EØS-landa er lågare enn garantnivået, må landet der pensjonisten bur betale eit tilsvarande tillegg.

Som nemnd vil trygdereglane i EØS-avtalen styrke retten til ordinære trygdeytingar for personar frå dei nye EU-landa. Fleire vil få alderspensjon frå folketrygda, og fleire vil få ytingar frå heimlandet under opphald i Noreg. Styrkinga av pensjonsrettane for dei nye EØS-borgarane i Noreg vil vere mest markert når det gjeld uførepensjon, der ein kan få saker som ikkje kvalifiserer for ytingar i dag, men som kan få samla ytingar godt over minsteni-

vået når EØS-reglane slår inn. Dette vil sjølvsagt etter kvart verke inn på ytingane som alderspensjonistar i Noreg.

For personar over 67 år som ikkje har hatt uførepensjon, vil det viktigaste elementet vil vere den nemnde minstegarantien i trygdeforordninga artikkel 50. Pensjonsnivået i dei nye medlemslanda er førebels mykje lågare enn i Noreg, og sjansane for at Noreg må utbetale tilleggsytingar etter artikkel 50 er store.

Styrkinga av den ordinære pensjonsretten for personar frå dei nye EU-landa har til konsekvens at det gjennomsnittlege behovet for sosialhjelp og/eller supplerande stønad vert redusert for denne delen av innvandrarbefolkninga. Utan vesentlege endringar i migrasjonen mellom Noreg og desse landa vil resultatet av det utvida EØS-området bli at utgiftene til sosialhjelp og til ei ny supplerande stønadsordning går ned. Auka migrasjon vil i tilfelle redusere denne effekten.

Slik det ser ut i dag, med den overgangsordninga på arbeidsmarknaden som Noreg har etablert, vil utvidinga av EØS-området først og fremst auke utgiftene til dei ordinære trygdeordningane. Den supplerande stønadsordninga vert venteleg billegare å etablere. I denne samanhengen må ein òg vere merksam på forslaget i punkt 3.3 om at eldre personar med opphaldsløyve i Noreg som forsørgde familiemedlemmer, ikkje skal få tilgang til den supplerande stønadsordninga før dei har løyve til varig busetjing her. I dei første åra ville det mest vere denne gruppa som ville kunne innebere eit auka press mot den nye ordninga, som etter forslaget skal få ei aldergrense på 67 år.

### 11.2 Utgiftene til supplerande stønad

Dei økonomiske konsekvensane av den nye stønadsordninga er rekna med bakgrunn i dei data om den aktuelle innvandrarbefolkninga som vert presenterte i punkt 10. Utgangspunktet er ein personkrins på om lag 4 900 personar i 2002, som det reknast med vil auke til om lag 5 900 personar i 2005 og 6 400 personar i 2006.

Den gjennomsnittlege butida i Noreg som gir rett til pensjon vert rekna å auke fra 12,84 år i 2002

til 13,66 år i 2005 og 14,47 år i 2006. Årsaka til auken er ei høgare gjennomsnittleg butid hos dei nye årskulla som når pensjonsalderen i 2005/2006 enn gjennomsnittet i 2002.

Det er lagt til grunn at 43,6 prosent av populasjonen ikkje vil vere aktuelle for supplerande stønad på grunn av full grunnpensjon og eller tilleggspensjon utover særtillegget, sjå punkt 10.3 og tabell 10.4.

Som gjort greie for i punkt 11.1, vil utvidinga av EØS-området frå 1. mai 2004 innebere ei vesentleg styrking av dei ordinære pensjonsrettane for personar frå dei aust-europeiske landa som vart medlemmer i EU frå 1. mai 2004. Det er ikkje innarbeidd nokon effekt av dette i høve til supplerande stønad, men ein vil sjå nærare på dette i samband med budsjettframlegget for 2006.

Det er vidare innarbeidd ein mogleg effekt av prøving mot andre inntekter enn eigen pensjon frå folketrygda, sjå til dømes punkt 10.3 og tabellane 10.5 og 10.6 om det etter måten reduserte mottaket av sosialhjelp for personar med ektemake.

På dette grunnlaget, og under omsyn til justeringa av grunnbeløpet frå 1. mai 2004, vert utgiftene til supplerande stønad på årsbasis rekna til 150 millionar kroner i 2006. Talet er usikkert. Dette gjeld mellom anna i høve til korleis dei nærare vilkåra for ytingar etter lovforslaget vil verke inn på utgiftene, til dømes forslaga om at ein skal ta omsyn til sambuarskap på same måten som ekteskap (sjå lovforslaget § 2 andre leddet) og at personar under lengre opphald i institusjon ikkje skal få ytingar (sjå lovforslaget § 12). Ein har ikkje data som gir grunnlag for å rekne på dette. Tilsvarande er det usikkert kor mange stønadstakarar ein får i ordninga. Talet dei næraste åra vil venteleg utgjere ein stad mellom 1 700 og 2 500 personar.

### 11.3 Reduserte utgifter til sosialhjelp

Etableringa av ei supplerande stønadsordning vil innebere reduserte utbetalingar frå sosialkontora. Totalutgiftene til sosialhjelp i 2006 *utan* ei supplerande stønadsordning og utan reduksjonar på grunn av EØS-utvidinga frå 1. mai 2004 (sjå punkt 11.1) kan reknast til 164 millionar kroner. Utgangspunktet er utgiftene i 2002 oppjusterte med ein årleg auke i mottakarane av sosialhjelp på 5 prosent og ein auke i utbetalingane per person på 2 prosent per år. *Innsparinga i sosialhjelp i 2006 på grunn av innføringa av den supplerande stønadsordninga vert rekna å utgjere i gjennomsnitt 70 000 kroner per sak, 135 millionar kroner i alt.* Talet vil bli revidert i samband med budsjettframlegget for 2006.

### 11.4 Administrative konsekvensar

Ressursbehov i trygdeetaten vil dels gjelde utgifter til utvikling av IT-støtte, dels ressursar til det kontinuerlege arbeidet med sakene, inkludert kontrolltiltak.

Eingongskostnadene ved å innarbeide den foreslåtte supplerande stønadsordninga i IT-opplegget for trygdeetaten reknar Rikstrygdeverket til *6 millionar kroner*, med ein utviklingsperiode på 16 månader. Utviklinga av IT-støtten er vesentleg for å kunne utføre maskinelle kontrollar og nytte det vanlege systemet for utbetaling av ytingar. I tillegg kjem opplæringskostnader på om lag 0,5 millionar kroner.

Dersom ein legg til grunn at det kjem 2 500 søknader i innføringsåret, vil arbeidet med handsaminga av søknadene ifølgje Rikstrygdeverket utgjere om lag 12 årsverk. Ein kan leggje til 3–4 årsverk for kontrollarbeid i dette året. Ressursbehovet tilsvarar i alt om lag *7 millionar kroner*.

I åra etter innføringsåret vil kontrollarbeidet vere den vesentlegste delen av arbeidet. Talet personar med supplerande stønad vil dei to første påfølgjande åra venteleg liggje mellom 2 000 og 3 000, og arbeidet med kontroll vil då ifølgje Rikstrygdeverket utgjere 12–15 årsverk, tillagt 2–3 årsverk for handsaming av nye søknader (venteleg mellom 300 og 600 dei første to åra), tilsvarande om lag *7,5 millionar kroner*.

Innføringa av ei supplerande stønadsordning vil innebere mindrearbeid for sosialkontora. Denne reduksjonen er vanskeleg å rekne på, av di arbeidet er spreidd på mange kontor. Ein kan leggje til grunn at arbeidet i dag krev om lag dei 15–18 årsverka som ein meiner at trygdeetaten vil kome til å bruke. Det er klart at alle desse årsverka ikkje vert borte, mellom anna av di ein del av stønadstakarane i den nye ordninga framleis vil få økonomisk sosialhjelp (men med sterkt reduserte beløp). Den administrative innsparinga som det er mogleg å ta ut, vert rekna til *4 millionar kroner*.

### 11.5 Dekning av utgiftene til utbetalingar og administrasjon

Utgiftene til utbetaling og administrasjon av ytingar etter den nye stønadsordninga er tenkt inndeekte ved ein reduksjon i rammeoverføringa til kommunane tilsvarande innsparinga i økonomisk sosialhjelp og administrativ innsparing på sosialkontora, og ved andre omdisponeringar på budsjetta til Arbeids- og sosialdepartementet og Kommunal- og re-

gionaldepartementet. I åra etter innføringsåret vil stønads- og administrasjonsutgiftene gå over Ar-

beids- og sosialdepartementet sitt budsjett på vanleg måte.

## 12 Iverksetjing

Etter rådsforordning 1408/71 artikkel 10 kan ein ikkje stogge utbetalinga av pensjonsytingar og andre ytingar av di pensjonisten flyttar til eit anna EØS-land. Tilsvarande har ein arbeidstakar krav på pensjon utan omsyn til nasjonale krav om bustad, sjølv om vedkomande bur i eit anna EØS-land når spørsmålet om å tilstå ytinga oppstår.

Etter forordninga artikkel 10a kan ytingar i visse tilfelle avgrensast til busette personar. Dette skal vere særskilte ikkje-avgiftsbaserte ytingar som nemnde i forordninga artikkel 4 nr. 2a, mellom anna ytingar som skal gi dekning som supplerer dei ordinære trygdeytingane. Dei andre EØS-landa må gå med på eit slikt unntak. Godkjende unntak vert tekne inn i vedlegg IIa til forordninga.

Ei ny supplerande stønadsordning vil i prinsippet vere omfatta av EØS-avtalen og eksportreglane der. Ytinga er likevel av ein slik art at Noreg kan rekne med å få eksportunntak. Dei vesentlege kriteria for dette er at

- ytinga er skattefinansiert (ikkje knytta til at det er betalt trygdeavgift)
- ytinga vert behovsprøvd/inntektsprøvd
- det ikkje gjeld vilkår om opptening, kvalifiseringstid eller liknande.

Mange av EØS-landa har fått unntak frå eksportplikta for tilsvarande ordningar som den supplerande stønadsordninga som vert foreslått i proposisjonen her. Mellom anna har Sverige fått unntak for ordninga som er nemnd i punkt 9.1.

Spørsmålet om eksportunntak i EØS er vesentleg i høve til om ein bør etablere ei supplerande ordning. Dersom stønadstakarane skulle få ytinga utbetalt til seg etter at dei har flytta frå Noreg, ville dette snu om på heile grunnlaget for ordninga.

Formelt sett kan ikkje eit eksportunntak tingast inn i EØS-avtalen før etter at ordninga er etablert i lov. Departementet finn på bakgrunn av dette at ei ny lov om supplerande stønad i utgangspunktet ikkje bør tre i kraft før ein har fått på plass eit unntak frå eksportplikta etter rådsforordning 1408/71. Utsett iverksetjing som nemnd vil heller ikkje utan vidare føre til ei vesentleg forseinking av ordninga i praksis. Som nemnd i punkt 11.4, har Rikstrygdeverket bedt om ein periode på 16 månader til utvikling og utprøving av IT-støtte fram til ordninga vert iverksett. Det vil difor gå ei viss tid etter lovvedtaket før det kan vere aktuelt å utbetale ytingar.

Sak om unntak frå eksportplikta kan takast opp ved dei relevante EØS-organa med ein gong lova er på plass og medan den praktiske implementeringa i trygdeetaten vert førebudd. Kor lang tid det tek å tinge inn eit eksportunntak vil kunne variere. Spørsmålet om unntak for den tilsvarande svenske ordninga tok ca. eitt år.

Departementet foreslår etter dette at den nye lova trer i kraft frå det tidspunktet Kongen bestemmer. Etter tilhøva kan det vere vanskeleg å få iverksett lova før 1. januar 2006.

## 13 Merknader til dei einskilde paragrafane

### Til § 1

Paragrafen definerer formålet med den nye lova, som er å sikre ei minste samla inntekt for personar som har kort butid i Noreg og difor ikkje har tilstrekkelege ordinære trygderettar.

### Til § 2

Paragrafen gir definisjonar av visse omgrep for å lette utforminga av lova.

*Første leddet* slår fast at ein med ordet «grunnbeløpet» meiner grunnbeløpet i folketrygda.

*Andre leddet* fastlegg det innhaldet ordet «ekte-make» skal ha i lova. Det omfattar personar som reknast for gifte etter ekteskapslova, sambuarar som lever saman som ektefolk utan å vere gifte, og registrerte partnarar etter partnarshipslova. For alle tre tilfella gjeld at dei berre skal reknast som ektemakar dersom dei lever saman i eitt hushald. Denne definisjonen er viktig i høve til mange av paragrafane i lova, sjå til dømes lovforslaget § 5.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 4.3.4.

### Til § 3

Paragrafen fastlegg personkrinsen for den supplerande stønadsordninga.

*Første leddet* seier at ein person må ha fylt 67 år og vere busett i Noreg for å få supplerande stønad. Busett i Noreg er personar som står i folkeregistret og har opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing her.

*Andre leddet* gjer eit unntak fra reglane i første leddet for personar som får kome til Noreg i kraft av at dei er forsørgde familiemedlemer i oppstigande linje av ein person som alt er i landet. Slike forsørgde familiemedlemer skal først kunne få supplerande stønad når dei har fått løyve til fast busetjing i Noreg.

Ein viser óg til det som er sagt i punkta 3.1, 3.2 og 3.3.

### Til § 4

Paragrafen regulerer høvet til å få supplerande stønad under opphald i utlandet.

Etter *første leddet* kan ein stønadstakar berre få stønad under samanhengande utanlandsopphald på inntil tre månader, og dei kan ikkje ha stønad under opphald i utlandet i meir enn tre månader i alt i eit kalenderår.

*Andre leddet* gir reglar om når ein skal stoppe stønaden ved utanlandsopphald utover det tilletne etter første leddet. Reglane svarar til det som gjeld for start og stans av ytingar ved endringar i tilhøva etter lovforslaget § 11 første og andre leddet, men departementet finn det tenleg å gi ei særskilt regulering i høve til opphald i utlandet.

*Tredje leddet* opnar for å gi ytingar i lengre tid enn det som følgjer av første leddet dersom stønadstakaren var forhindra frå å vende attende til Noreg på grunn av eigen sjukdom. Slike forlengingar skal ikkje vere kurante, og stønadstakaren må sjølv skaffe fullgod dokumentasjon på at det var naudsynt å bli verande i utlandet utover tre månader.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 3.5.

### Til § 5

Paragrafen bestemmer nivået for full supplerande stønad.

Etter *første leddet* vil full supplerande stønad svare til minstepensjon i folketrygda, men med nærare bestemte tilpassingar. Mellom anna er det færre alternativ for storleiken på ytingane enn i folketrygda. Det er berre tre ulike stønadsnivå, eitt for tilfella med ektemakar som begge har fylt 67 år og begge kan få supplerande stønad, eitt for personar med ektemake under 67 år og eitt for einslege. Nivået for ein person med ektemake under 67 år er eit nivå der ordninga i folketrygda med tillegg for forsørgt ektemake er integrert i ytinga.

Etter *andre leddet* vert supplerande stønad auka med 40 prosent av grunnbeløpet per barn dersom stønadstakaren forsørgjer barn under 18 år som bur saman med stønadstakaren i eitt hushald. I dette leddet vert det óg bestemt kven av ektemakane som skal få auka ytinga når begge har fylt 67 år og kan få supplerande stønad.

Etter *tredje leddet* vert eit barn rekna å forsørgje seg sjølv når det har inntekt utover grunnbeløpet (den same grensa som i høve til barnetlegg i folketrygda).

Etter *fjerde leddet* skal ytinga til ein person med ektemake under 67 år fastsetjast etter første leddet bokstav a (som for einslege stønadstakarar) når ektemaken oppheld seg i utlandet i lengre tid enn fastsett i § 4. Retten til auka ytingar etter første leddet bokstav b fell då bort. Tilsvarande fell retten til å få ytingar med tillegg for forsørgt barn bort når barnet har slike opphald i utlandet. Når det gjeld tidspunktet for omrekning av ytingane, skal reglane i § 4 gjelde tilsvarande. Dersom til dømes eit forsørgt barn skal opphalde seg i utlandet i meir enn tre månader samanhengande, vert tillegget stogga frå og med kalendermånaden etter den månaden då opphaldet i utlandet tok til.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 4.

#### Til § 6

*Første leddet* omhandlar inntektene som skal inngå ved inntektsprøvinga av den supplerande stønaden. Dette kan vere arbeidsinntekt, norske og utlandske offentlege eller private pensjonar og kapitalinntekter, dvs. eit vidt spekter.

Det vil kunne oppstå spørsmål om økonomiske ytingar av ulike slag skal reknast som inntekt, mellom anna erstatningsutbetalingar. Slike utbetalingar er eingongsbeløp, og bør etter departementet sitt syn ikkje reknast som inntekt i denne samanhengen. Dersom utbetalinga vert brukt til å skaffe seg inntekt (i enklaste formen ved innskot i ein bank), vil inntekta i prinsippet inngå i inntektsgrunnlaget ved prøvinga av supplerande stønad.

Eit erstatningsbeløp vil likevel vere pengar som stønadstakaren kan bruke til det daglege underhaldet eller fritt disponere over på andre vis. Det vil difor ikkje utan vidare vere rett å gi ei behovsprøvd yting som supplerande stønad når stønadstakaren har disponible økonomiske ressursar av ein slik art. Departementet finn difor at erstatningsutbetalingar må reknast som formue i høve til behovsprøvinga, og difor kan medføre at det vert gitt avslag på supplerande stønad, sjå punkt 5.4.3 og merknadene til lovforslaget § 8.

Det kan i nokre tilfelle vere vanskeleg å avgjere om ei økonomisk yting er å rekne som kapitalinntekt. Departementet meiner at spørsmålet må bli å vurdere i tråd med reglane for skattelikninga, slik at «kapitalinntekt» i høve til supplerande stønad vil seie inntekt av ein slik *art* at den vert rekna som kapitalinntekt etter skattelova, eller ville ha vorte rekna som kapitalinntekt dersom den skulle skattleggjast i Noreg. Ei inntekt skal takast med ved inntektsprøvinga av supplerande stønad sjølv om ho ikkje vert skattlagt her.

*Andre leddet* gjer det klårt at ein skal ta med inn-

tekt hos stønadstakaren sjølv så vel som hos ektemaken (sjå merknadene til § 2 andre leddet når det gjeld kven som skal reknast for ektemakar), og gir i tillegg reglar om gjennomføringa av inntektsprøvinga når begge ektemakane har fylt 67 år.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 5.

#### Til § 7

Paragrafen slår fast at supplerande stønad vert gitt dersom full supplerande stønad etter § 5 er høgare enn inntektsgrunnlaget fastsett etter § 6. Stønaden skal utgjere differansen mellom desse beløpa. Utmålingsregelen inneber at inntektene går til frådrag i mogleg supplerande stønad krone for krone.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 5.

#### Til § 8

*Første leddet* gir heimel for prøving av supplerande stønad mot formue. Etter lovforslaget kan ein gi avslag på søknaden om stønad når ein søkjar eller ektemaken har så stor formue at det ville vere *urimeleg* å gi ytinga. Ein skal sjå bort frå vanleg bustad mv. Meininga er å nekte stønad i tilfelle med formue klårt ut over det vanlege.

I merknadene til § 6 i lovforslaget kom departementet til at erstatningsutbetalingar generelt bør reknast som formue i høve til behovsprøvinga av supplerande stønad, og difor kan medføre at søknader om ytingar vert avslått. Óg i denne samanhengen må det dreie seg om vesentlege beløp. Det bør såleis ikkje vere aktuelt å ta omsyn til utbetalingar under 100 000 kroner.

Vanskelege spørsmål kan oppstå ved erstatning til oppretting av skade på bustaden eller liknande. I utgangspunktet bør slike pengar kunne nyttast i samsvar med formålet, utan at det går utover retten til supplerande stønad. I slike situasjonar vil stønadstakaren likevel ofte kunne velje korleis og i kva mon det skal skje oppretting av ein skade, og det vil då kunne vere naturleg etter ei tid å vurdere retten til supplerande stønad i høve til pengane som framleis står inne på konto.

Departementet reknar med at det ikkje vert mange saker der ein gir avslag på supplerande stønad på grunn av formue. Gjennomføringa av reglane om prøving mot formue kan syne seg å by på store problem, og det er vanskeleg å gi gode retningslinjer. Røynslene i praksis kan gi grunnlag for nærare reglar.

I *andre leddet* i forslaget til § 8 vert det difor foreslått at departementet får heimel til å gi forskrift til utfylling av lova. Ein vil óg arbeide vidare med dette fram mot implementeringa av ordninga.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 5, særskilt underpunkta 5.4.3 og 5.5.

#### Til § 9

I paragrafen vert det bestemt at supplerande stønad ikkje vert gitt dersom ytinga ville utgjere eit mindre beløp enn 2 prosent av full supplerande stønad etter grunnlaget i § 5 første leddet bokstav a (ytinga til einslege stønadstakarar) utan tillegg for forsørgde barn. Dette tilsvarar nå ei månedleg yting på 176 kroner. Grunnen er sjølv sagt å unngå stønadsbeløp som er lågare enn det det kostar å administrere og utbetale dei.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 7.1.

#### Til § 10

Etter paragrafen skal fastsett stønad setjast opp eller ned dersom det skjer endringar i inntektene eller dei andre tilhøva som er lagt til grunn ved fastsetjinga av stønaden. Vilkåret er at den aktuelle endringa fører med seg ei endring av stønaden med minst 10 prosent.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 7.2.

#### Til § 11

*Første leddet* etablerer regelen om ein stønadsperiode på 12 månader. Ein kan få forlenga ytinga for 12 månader om gongen, men berre etter søknad. Ordninga tek primært sikte på å lage eit naturleg kontrollpunkt i sakene (sjå punkt 6 om kontrollspørsmåla). Forlenging av ytinga vil likevel vere kurant, med mindre det har skjedd endringar som gjer at søkjaren ikkje fyller vilkåra for supplerande stønad. Ved søknad om supplerande stønad, inkludert søknad om forlenga ytingar, skal søkjaren møte personleg på trygdekontoret (sjå lovforslaget § 17 andre punktumet). Dette vil mellom anna vere tenleg i høvet til kontrollen med opphald i utlandet.

*Andre og tredje leddet* gir reglar om start og stans av supplerande stønad og regulerer når endringar i stønadsnivå tek til å gjelde. Reglane er i store trekk henta frå folketrygdlova § 22–12 første, tredje, fjerde og femte leddet, men reglane er mellom anna tilpassa ordninga med å gi ytingar for 12 månader om gongen..

*Fjerde leddet* gir reglar om etterbetaling tilsvarende hovudregelen i folketrygdlova § 22–13 tredje leddet og slår vidare fast at det ikkje vert gitt renter ved etterbetaling (tilsvarende folketrygdlova § 22–17 første leddet). I tillegg vert det bestemt at det ikkje kan krevjast erstatning etter skadeserstatningslova eller alminnelege erstatningsrettslege reglar for

rentetap eller ytingar for periodar som ikkje vert omfatta av retten til etterbetaling.

Femte leddet seier at det skal gjerast frådrag i etterbetaling av supplerande stønad for økonomisk stønad etter sosialtenestelova kapittel 5 i den same perioden. Sosialtenesta vil eventuelt ha krav på beløpet som refusjon etter sosialtenestelova.

Sjette leddet gir reglar om utbetalingsterminar og -tidspunkt og avrunding av terminbeløp tilsvarende folketrygdlova § 22–10 tredje leddet og § 22–11.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 7.3.

#### Til § 12

Etter denne paragrafen fell retten til supplerande stønad bort for tidsrom etter at eit institusjonsopphald, inkludert opphald i fengsel, har vara i ein kalendermånad utover den månaden då han eller ho vart innlagt. I motsetnad til dei tilsvarende reglane i folketrygdlova §§ 3–27, 3–28 og 3–29, som gir rett til reduserte ytingar etter utløpet av den nemnde perioden, inneber forslaget at retten til supplerande stønad fell heilt bort.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 3.4.

#### Til § 13

*Første leddet* slår fast at supplerande stønad som er utbetalt utan at vilkåra for det var oppfylte, skal krevjast attende dersom den som fekk utbetalinga forsto eller burde ha forstått at utbetalinga grunna seg på ein feil. Departementet meiner at ein bør reagere strengt ved feilutbetalingar som kan leggjast stønadstakaren til last, og regelen er difor formulert slik at tilbakekrevjing *skal* skje. Dette må ein sjå i lys av at ordninga vil kunne bli særskilt utsett for misbruk. *Vilkåra* for å krevje attende feilutbetalt stønad tilsvarar regelen i bidragsinnkrevjingslova § 14 nr. 2 andre leddet, som er enklare utforma enn dei relativt kompliserte reglane i folketrygdlova §§ 22–15. Vedtak om å krevje attende feilutbetalt supplerande stønad skal vere tvangsgrunnlag for utlegg.

*Andre leddet* gir heimel for avrekning av beløp som vert krevde attende i framtidige terminar av supplerande stønad eller andre ytingar til livsopphald som vert administrerte av trygdeetaten. Avrekninga kan ikkje utgjere meir enn 10 prosent av dei aktuelle terminbeløpa.

*Tredje leddet* i forslaget til § 13 seier at beløp som ikkje vert innkrevde ved avrekning, kan innkrevjast etter reglane i bidragsinnkrevjingslova.

Reglane i andre og tredje leddet tilsvarar folketrygdlova § 22–15 tredje leddet.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.1.

*Til § 14*

Paragrafen seier at utgiftene til supplerande stønad og til administrasjon av ordninga vert dekte av statskassa. Trygdeetaten skal føre særskilt rekneskap over pengane som vert overførte til dekning av supplerande stønad.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.2.

*Til § 15*

Etter paragrafen gjeld reglane i forvaltningslova for saker om supplerande stønad, med dei unntaka som går fram av lova (tilsvarar folketrygdlova § 21–1).

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.3.

*Til § 16*

Paragrafen seier at saker om supplerande stønad skal avgjerast av Rikstrygdeverket, som kan delegere avgjerda til anna organ i trygdeetaten. Mønsteret er folketrygdlova § 20–2 første leddet. Ein må rekne med at avgjerda i desse sakene kan bli sentralisert for å sikre at det byggjer seg opp komptanse på området. Det einskilde trygdekontoret vil kunne ha svært få slike saker.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.3.

*Til § 17*

Paragrafen tilsvavar folketrygdlova § 21–2 første leddet. Søknad om ytingar skal setjast fram for trygdekontoret på bustaden til søkjaren på skjema fastsett av Rikstrygdeverket. Søkjaren må møte personleg på trygdekontoret. Det vert understreka at trygdekontoret skal hjelpe søkjar med utfyllinga av skjemaet så langt dette er naudsynt. Mange i den aktuelle gruppa kan ha problem med dette.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.3.

*Til § 18*

*Første leddet* slår fast at ein person som søker om supplerande stønad, har plikt til å gi alle opplysningar som trygdeetaten treng for å vurdere søknaden. Like eins skal ein stønadstakar melde frå om endringar i alle tilhøva som verkar inn på retten til stønaden. Mønsteret er folketrygdlova § 21–3 første leddet.

*Andre leddet* tilsvavar folketrygdlova § 21–3 andre leddet og slår fast den retten trygdeetaten har til å krevje at ein person som får supplerande stønad gir naudsynte opplysningar. Dette er vesentleg av omsyn til kontrollen med ytingane.

*Tredje leddet* tilsvavar folketrygdlova § 21–7 og gir heimel til å reagere på manglande dokumentasjon eller på uriktige opplysningar med å avslå ein søknad eller stoppe ei yting som er gitt.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 6.

*Til § 19*

*Første leddet* gir trygdeetaten rett til å hente opplysningar frå likningsetaten eller skattefogdane om inntekts- og formuestilhøva for ein person som søker om eller har fått supplerande stønad. Denne regelen har ikkje nokon parallell i folketrygdlova, men er henta frå bidragsinnkrevjingslova § 10 andre leddet bygd ut med ein heimel til å hente opplysningar frå skattefogdane, som ikkje er ein del av likningsetaten. Opplysningar om inntekts- og formuestilhøve er vesentlege i høve til supplerande stønad, og dei nemnde etatane er dei viktigaste kjeldene til slik informasjon.

*Andre leddet* gir tilsvarende rett til å hente naudsynte opplysningar frå sosialtenesta, politiet, andre offentlege organ, arbeidsgivar, bankar, forsikringselskap og private pensjonsordningar. Heimelen her omfattar alle slag opplysningar som verkar inn på retten til supplerande stønad, ikkje berre opplysningar om økonomiske tilhøve. Parallellen i folketrygdlova er § 21–4 første leddet andre punktumet, men i lovforslaget her er sosialtenesta og politiet særskilt nemnde, av di dei vil kunne ha opplysningar som er særskilt viktige i høve til supplerande stønad. Til dømes vil politikontrollen med innreise på Gardermoen m.m. kunne bli viktig i høve til kontrollen med reglane om supplerande stønad og opphald i utlandet.

Etter *tredje leddet* kan trygdeetaten påleggje helseinstitusjonar, fengsel og andre institusjonar å gi rutinemessige meldingar om innskriving og utskrivning av klientar. Dette tek sikte på ei effektiv implementering av reglane om ytingar under opphald i institusjon (sjå lovforslaget § 12). Tilsvarende regel finn ein i folketrygdlova § 21–4 tredje leddet.

*Fjerde leddet* seier at dei som vert pålagt å gi opplysningar, skal gjere det utan ugrunna opphald, utan hinder av teieplikt og utan vederlag. Denne regelen er henta frå folketrygdlova § 21–4 andre leddet siste punktumet og same paragrafen fjerde leddet.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 6.

*Til § 20*

Paragrafen seier at ektemaken til ein stønadstakar har den same plikta til å gi opplysningar om inntekts- eller formuestilhøva sine som stønadstakaren



sjølv har etter lovforslaget § 18. Vidare har trygde-etaten heimel til å hente opplysningar om ektemaken i samsvar med lovforslaget § 19. Desse reglane har ikkje nokon parallell i folketrygdlova, men har bakgrunn i at supplerande stønad mellom anna skal prøvast mot inntekt og formue hos ektemaken (som her omfattar sambuar og registrert partnar, sjå merknaden til § 2 andre leddet).

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 6.

#### Til § 21

Etter *første leddet* kan Rikstrygdeverket fastleggje rutiner for etterprøving og kontroll med mottakarar av supplerande stønad. Dette tilsvarar folketrygdlova § 21–6 tredje punktumet.

*Andre leddet* gir heimel for departementet til å gi særskilt forskrift om tiltak med sikte på å kontrollere at vilkåra i § 4 er oppfylte eller om ein stønadstakar har hatt opphald i utlandet i strid med reglane. Forskrifta kan bestemme at ein stønadstakar skal møte personleg på trygdekontoret inntil to gonger i året og vise pass eller anna reisedokument. Paragrafen har ikkje nokon parallell i folketrygdlova. Ordninga med å gi ytingar for 12 månader om gongen (lovforslaget § 11 første leddet) og personleg frammøte på trygdekontoret ved søknad om forlenging (lovforslaget § 17) vil redusere behovet for frammøte på andre tidspunkt. Det vil likevel kunne vere grunn til å krevje frammøte i visse situasjonar, og i høve til den avgrensa retten til opphald i utlandet vil personleg frammøte generelt vere tenleg som kontroll.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 6.

#### Til § 22

Paragrafen bestemmer at vedtak om supplerande stønad kan ankast inn for Trygderetten. Reglane i folketrygdlova § 21–12 om anke og klage skal gjelde tilsvarande så langt dei høver. Forslaget opnar mellom anna for at det vert etablert ein klage- eller ankebehandling i trygdetaten før saka eventuelt kjem opp for Trygderetten.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.3.

#### Til § 23

Paragrafen seier at ei rekkje paragrafar i folketrygdlova om administrasjon og handsaming av saker skal gjelde tilsvarande så langt dei høver.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 8.3.

#### Til § 24

Etter denne paragrafen skal lova om supplerande stønad ta til å gjelde frå det tidspunktet Kongen bestemmer. Tidspunktet for iverksetjing er avhengig av når den administrative førebuinga i trygdeetaten kan vere slutført. Vidare er det ein føresetnad for iverksetjinga at Noreg har fått unntak frå eksportplikta etter EØS-avtalen for denne ytinga.

Ein viser óg til det som er sagt i punkt 12.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag

## til lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

### Kapittel 1. Formål – definisjonar

#### § 1. Formålet med lova

Formålet med lova er å garantere ei minste samla inntekt for personar med liten eller ingen pensjon frå folketrygda på grunn av kort butid i Noreg.

#### § 2. Definisjonar

Med grunnbeløpet meiner ein i lova her grunnbeløpet etter folketrygdlova § 1–4.

Med ektemake meiner ein i lova her personar som er gifte etter ekteskapslova og som bur saman i eitt hushald, personar som bur saman som ektefolk utan å vere gifte med kvarandre, og registrerte partnarar som bur saman i eitt hushald.

### Kapittel 2. Personkrins – opphald i utlandet

#### § 3 Kven som kan få stønad

Supplerande stønad vert gitt til personar som har fylt 67 år og som er busette i Noreg. Ein person vert rekna som busett dersom han eller ho er registrert i folkeregisteret og har opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjing i riket.

Familiemedlemer i oppstigande linje som har fått opphaldsløyve av di dei er forsørgde av personar som oppheld seg her, kan berre få supplerande stønad for tidsrom etter at dei har fått løyve til fast busetjing i Noreg.

#### § 4 Opphald i utlandet

Retten til supplerande stønad fell bort når ein person oppheld seg eller har tenkt å opphalde seg i utlandet i meir enn tre månader i samanheng eller i meir enn tre månader i alt i eit kalenderår.

Dersom opphaldet i utlandet er meint å vare i meir enn tre månader i samanheng, fell ytingane bort frå og med månaden etter den månaden då opphaldet i utlandet tok til. I andre tilfelle fell ytingane bort frå og med månaden etter den månaden då vedkomande hadde vore i utlandet i tre månader eller summen av utanlandsopphalda i eit kalenderår utgjør tre månader.

I tilfelle som går inn under andre leddet andre punktumet kan ytingar bli gitt for lengre tid enn nemnd dersom stønadstakaren legg fram doku-

mentasjon på at han eller ho ikkje kunne vende atende til Noreg på grunn av eigen sjukdom.

### Kapittel 3. Fastsetjing av ytingar

#### § 5 Full supplerande stønad

Full supplerande stønad skal vere

- a) 1,7933 gonger grunnbeløpet for einslege stønadstakarar
- b) 2,2933 gonger grunnbeløpet for personar med ektemake under 67 år
- c) 1,6433 gonger grunnbeløpet for kvar av ektemakane når begge har fylt 67 år.

Ytingane etter første leddet bokstavane a til c skal aukast med 40 prosent av grunnbeløpet per barn under 18 år som personen forsørgjer og bur saman med i eitt hushald. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal auken gå til den av dei som har lågast inntekt (sjå § 6 første leddet).

Eit barn vert rekna å forsørgje seg sjølv dersom det har inntekt som nemnd i § 6 første leddet, og inntekta er høgare enn grunnbeløpet.

Dersom ein ektemake under 67 år oppheld seg i utlandet i lengre tid enn fastsett i § 4, skal ytinga til stønadstakaren fastsetjast etter første leddet bokstav a. Tilsvarande fell retten til tillegg for forsørgt barn bort når barnet har utanlandsopphald som nemnd. Reglane i § 4 gjeld tilsvarande med omsyn til tidspunktet for omrekning av ytingane etter første og andre punktumet.

#### § 6 Inntekt som går til frådrag i supplerande stønad

Full supplerande stønad skal setjast ned med

- a) arbeidsinntekt
- b) pensjon frå folketrygda
- c) andre norske offentlege eller private pensjonar
- d) utanlandske offentlege eller private pensjonar
- e) kapitalinntekter.

Det skal reknast med slik inntekt hos stønadstakaren sjølv så vel som hos ektemaken. Dersom begge ektemakane har fylt 67 år, skal inntekt hos den eine ektemaken berre inngå ved prøvinga av ytingane til den andre ektemaken med den delen som overstig full supplerande stønad etter § 5 første leddet bokstav c.

### § 7 Utmåling av supplerande stønad

Supplerande stønad vert gitt dersom full supplerande stønad etter § 5 er høgare enn inntektsgrunnlaget etter § 6. Stønadens skal utgjere differansen mellom desse beløpa.

### § 8 Formue

Dersom ein søkjar eller ektemaken har så stor formue at det ville vere urimeleg å gi supplerande stønad, kan ein gi avslag på søknaden. Som formue vert ikkje rekna vanleg bustad eller vanlege ting til dagleg bruk.

Departementet kan gi forskrift til utfylling av reglane i paragrafen her.

### § 9 Låge stønadsbeløp

Supplerande stønad vert ikkje gitt dersom ytinga ville utgjere eit mindre beløp enn to prosent av full supplerande stønad etter § 5 første leddet bokstav a utan tillegg for forsørgde barn.

### § 10 Endringar

Fastsett stønad skal setjast opp eller ned dersom det skjer endringar i inntektene eller dei andre tilhøva som er lagt til grunn ved fastsetjinga av stønaden, og dette fører med seg ei endring av stønaden med minst 10 prosent.

### § 11 Stønadsperiode og utbetaling

Supplerande stønad vert gitt for ein periode på 12 månader. Stønadsstakaren kan søkje om forlenging av ytingane med 12 månader om gongen.

Stønad vert gitt frå og med månaden etter den månaden då vilkåra for ytinga var oppfylte, men ved forlenging av stønadsperioden som nemnd i første leddet tidlegast frå og med månaden etter utløpet av den siste stønadsperioden. Dersom retten til ytingar fell bort av andre grunnar enn at stønadsperioden løper ut, vert ytingar gitt til og med den månaden då retten fall bort.

Dersom ei endring som nemnd i § 10 fører til at stønaden vert sett opp, gjeld dette frå og med den månaden då endringa skjedde. Dersom ytinga vert sett ned, får dette verknad frå og med månaden etter den månaden då endringa skjedde.

Supplerande stønad vert ikkje gitt for lengre tid attende enn tre månader før den månaden då søknaden om ytingar vart sett fram. Renter vert ikkje gitt. Rentetap eller ytingar for tidlegare månader enn tre månader før søknadsmånaden kan heller ikkje krevjast erstatta med heimel i skadeserstatningslova eller i alminnelege erstatningsrettslege reglar.

Dersom det er utbetalt økonomisk stønad etter

sosialtenestelova kapittel 5 i periodar som det vert etterbetalt supplerande stønad for, skal det gjerast frådrag i etterbetalinga tilsvarande den økonomiske stønaden.

Stønadens vert utbetalt i månadsbeløp før utgangen av den einskilde månaden. Månadsbeløpa vert avrunda til den næraste heile krona.

### § 12 Opphald i institusjon mv.

Personar som er innlagde i institusjon der opphaldet vert dekt av det offentlege, har ikkje rett til supplerande stønad for tidsrom etter at opphaldet har vara i ein kalendermånad utover den månaden då han eller ho vart innlagt.

Reglane i første leddet gjeld tilsvarande ved opphald i fengsel mv.

### § 13 Tilbakekrevjing

Supplerande stønad som er utbetalt utan at vilkåra for det var oppfylte, skal krevjast attende dersom den som fekk utbetalinga forsto eller burde ha forstått at utbetalinga grunna seg på ein feil. Vedtak om å krevje tilbake slike beløp er tvangsgrunnlag for utlegg.

Beløp som skal krevjast tilbake etter første leddet, kan avreknast i framtidige terminar av supplerande stønad eller andre ytingar til livsopphald som vert administrerte av trygdeetaten. Avrekninga kan ikkje utgjere meir enn 10 prosent av dei aktuelle terminbeløpa.

Beløp som ikkje vert innkravde etter andre leddet, kan innkrevjast etter reglane i bidragsinnkrevjingslova.

### § 14 Finansiering

Utgiftene som trygdeetaten har til supplerande stønad og til administrasjon av ordninga vert dekte av statskassa. Pengane som trengst til dekning av utgiftene skal overførast til Rikstrygdeverket på forskot, og seinast på det tidspunktet utbetaling skal skje. Trygdeetaten skal føre særskilt rekneskap over pengane som vert overførte til dekning av supplerande stønad.

## Kapittel 4. Saksbehandling mv.

### § 15 Tilhøvet til forvaltningslova

Reglane i forvaltningslova gjeld for handsaminga av saker om supplerande stønad, med dei unntaka som går fram av lova her.

### § 16 Avgjerd etter lova

Saker om ytingar etter lova vert avgjorte av Rikstrygdeverket, som kan delegere avgjerda til anna organ i trygdeetaten.

### § 17 Søknad

Søknad om supplerande stønad skal setjast fram for trygdekontoret på bustaden til søkjaren på skjema fastsett av Rikstrygdeverket. Søkjaren skal møte personleg på trygdekontoret. Trygdekontoret skal hjelpe søkjar med utfyllinga så langt dette er naudsynt.

### § 18 Plikt til å gi opplysningar

Ein person som søker om supplerande stønad, har plikt til å gi dei opplysningane og levere dei dokumenta som trygdeetaten treng for å vurdere om han eller ho har rett til ytinga. Den som får supplerande stønad, skal gi melding til trygdeetaten om endringar i alle tilhøva som verkar inn på retten til eller storleiken på ytinga.

Trygdeetaten kan krevje at ein person som får supplerande stønad gir dei opplysningane og leverer dei dokumenta som trygdeetaten treng for å kontrollere storleiken på stønaden eller om han eller ho framleis har rett til ytinga.

Dersom ein søker eller stønadstakar ikkje legg fram dokumentasjon som trygdeetaten har bedt om, kan ein søknad om ytingar bli avslått, og ytingar som er gitt kan haldast attende. Det same gjeld dersom søkjaren gir uriktige opplysningar som er viktige for retten til eller storleiken på ytinga eller let vere å gi slike opplysningar.

### § 19 Henting av opplysningar mv.

Trygdeetaten kan krevje at likningsetaten eller skattefogdane gir opplysningar om inntekts- og formuestilhøva for ein person som søker om eller har fått supplerande stønad. Dette gjeld óg i høve til tidlegare likningar.

Ved behandlinga av krav om ytingar etter lova, og ved kontroll av ytingar som er gitt, har trygdeetaten rett til å få nødvendige opplysningar frå sosialtenesta, politiet, andre offentlege organ, arbeidsgivar, bankar, forsikringsselskap og private pensjonsordningar.

Trygdeetaten kan påleggje helseinstitusjonar, fengsel og andre institusjonar å gi rutinemessige

meldingar når klientar vert innlagde eller utskrivne.

Dei som vert pålagt å gi opplysningar, har plikt til gjere dette utan ugrunna opphald og utan hinder av teieplikt. Dei kan ikkje krevje vederlag for å gi opplysningane.

### § 20 Opplysningar om ektemaken

Ektemaken til ein person som søker om eller får supplerande stønad etter lova, har plikt til å gi opplysningar om inntekts- eller formuestilhøva sine etter reglane i § 18. Reglane i § 19 gjeld tilsvarende i høve til henting av slike opplysningar.

### § 21 Kontroll

Rikstrygdeverket kan bestemme at saker om supplerande stønad skal få ei ny vurdering med fastsette mellomrom, og kan gi reglar om korleis slik etterprøving skal gjennomførast.

Departementet kan gi forskrift om tiltak med sikte på å kontrollere at vilkåra i § 4 er oppfylte eller om ein stønadstakar har hatt opphald i utlandet i strid med reglane. Forskrifta kan bestemme at ein stønadstakar skal møte personleg på trygdekontoret inntil to gonger i året og vise pass eller anna reisedokument.

### § 22 Anke til Trygderetten

Vedtak om supplerande stønad etter lova her kan ankast inn for Trygderetten. Reglane i folketrygdlova § 21–12 gjeld tilsvarende så langt dei høver.

### § 23 Andre reglar om saksbehandling

Reglane i folketrygdlova §§ 20–8, 21–9, 21–10, 21–11, 22–1 22–6 og 22–18 gjeld tilsvarende så langt dei høver.

## Kapittel 5. Ikraftsetjing

### § 24 Når lova tek til å gjelde

Lova tek til å gjelde frå det tidspunktet Kongen bestemmer.

